



Noregs miljø- og
biovitskapelege
universitet

Masteroppgåve 2021 30 studiepoeng

Fakultet for landskap og samfunn

Einar Hegstad

Å belyse matrikkelføring av eigedomsgrenser i sjø i kommunane Kinn og Bremanger

Showcasing the Cadastre Act of Property in sea
properties by the municipalities of Kinn and Bremanger

Rune Holsen Nygård

Master i eigedom

Føreord

Eg, Rune Holsen Nygård og er straks ferdig med studiet: Master i eigedom ved NMBU. Masteren skal symbolisere slutten på studiet, og gje eit innblikk i kva eg har fått høve til å tileigne meg i løpet av denne tida, før og under masteren.

I valet om kva eg skulle skrive master om, kom det tydeleg fram at det var mykje upløgde mark, på fleire område. Eg er oppvaksen i Florø, Noregs vestlegaste by og som av «ø-en» i Florø antydgar, er dette ei øy. Her er havet og fjorden på alle kantar, bruken av sjøen er i kulturen vår og fleire har like mykje saltvatn som blod i årene. Etersom at eit av temaa handlar om eigedomsgrensar i sjø, vart dette eit felt som vekka interesse.


Gjennom mine 24 år i livet, har eg vore mykje på sjøen, og har sett at det er mykje som er i endring. Sjø og eigedomar i sjø har lenge vore ei heit potet. Små fiskarbønder trong den gode hamna, ein plass båten kunne liggje, ordnast og dragast i le om det var naudsynt. I seinare tid er det rekreasjon og industri som gjerne er dei største brukarane av sjøen, og i tråd med utvikling av samfunnet, har ein funne betre og sterkare materiale som gjer det mogleg å nytte sjøareal som var utenkjelege å bruke før.

Eg ynskjer å rette ei takk til kommunane som har vore med, familie og vener. Mitt gode, rause og store kollektiv ynskjer eg å trekkje fram som ein av grunnane til at eg har kome så langt som eg er i dag. De har opna opp mine horisontar, og gjeve meg kunnskap som eg tek med meg i all framtid. Ina M. Finnerud vil eg trekkje fram som ein stor inspirasjon og eit fargerikt innslag i dette arbeidet. Dei, saman med det flotte studiemiljøet ved NMBU, er Ås-tida noko som er sårt sakna.

Takk til dei gode kollegane i Enebakk kommune, Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett og Kinn kommune. Besteforeldra mine Magnhild og Reidar Holsen ynskjer eg å rekke ei takk til, då dei har vore formidlarar av mykje kunnskap eg sit att med i dag, og har gjeve denne oppgåva mykje djupne. Mi kjære farmor, Hjørdis Nygård, har vore ein stor pådrivar for studiet og gjennom mottoet: «kunnskapen er lett å bere» har du vore med i dette arbeidet.

Sist, men ikkje minst, vil eg syne til møter, lange lesekveldar og tekstmeldingar frå ein frustrert masterstudent. Einar Hegstad har vore ei drivkraft gjennom dette arbeidet, og har vore den resursen som ikkje ein kan vere utan. Takk for din fleksibilitet, forståing og din enorme kunnskap eg har fått take del i. Ein slik rettleiar veks ikkje på tre, og eg tek av meg hatten.

Eit stor takk og god lesnad

A handwritten signature in black ink, reading "Rune R H Nygård". The signature is written in a cursive, flowing style with a large initial 'R'.

Rune Rasmus Holsen Nygård

02.12.2021

Samandrag

Eigedomsgrenser i sjø er eit område det er mange usikre moment knytt til, samstundes som det er ulike måtar å sjå saka til på. Kommunen som lokal matrikkelmynde, har ansvaret for å måle opp slike grenser, etter krav frå grunneigarar. Det er ulik praksis på korleis kommunane løyser denne oppgåva, men ei gjengs tilnærming er at eigedomsgrenser i sjø sjeldan er oppmålt.

Dette gjer at ein må ha kjennskap i framtida til korleis ein har handtert eigedomsgrensene i sjø, for vidare å kunne tolke det arbeidet rett. Kvaliteten på eigedomsgrenser i sjø er kompleks og ikkje lett å få klarheit i. Hjelpeliner er grensetypar som ofte vert brukte for å teknisk lukke polygon i matrikkelen. Då ein skil mellom eigedomsgrenseliner og hjelpeliner kjem det fram at det er lite eigedomar i sjø som har eigedomsgrenseliner, og av den grunn vidare ikkje er oppmålt.

Kommunen som lokal matrikkelmynde handsamar eigedomsgrenser i sjø på ein måte som ikkje er heilt i tråd med kva lovgjevar legg opp til. Det er også slik at eigedomsgrenser i sjø er eit område som ikkje kjem tydeleg fram av matrikkelen og korleis situasjonen eigentleg er for tredjepart.

Ein vil i noko grad kome til ein konklusjon der ein synleggjer at det er ulike tankar frå lovgjevar og kva som vert gjort i kommunane Kinn og Bremanger. Kvaliteten på eigedomsgrensene i sjø er også lite opplyst og av ofte dårleg kvalitet for tredjepart som eigedomstilhøva i sjø i matrikkelen.

Summary

Property boundaries in sea properties are an unexploited territory with lacking information and momentum, in addition to the multiple ways of analysing sea boundaries itself. The municipality as the local cadastre responsible has the mandate to measure such boundaries, in accordance with the landowner. Today, there are a vast amount of different measuring practices among municipalities, but a common denominator is the overall lack of measuring of sea boundaries at all.

Thus, there is a need for increased knowledge and standardised practices of sea property boundaries, to interpret both past and future work correctly, and securing the safety of the third-party. The quality of property boundaries in sea are complex and needs clarification. Helplines are property boundaries that is often used to technically close polygons in the cadastre. However, as property boundaries and helplines are differentiated, one has discovered that there are few sea properties with properties line, and therefore they have not been measured.

The municipality, as the sole cadastre actor, does not treat property boundaries in sea in accordance with the legislator's goals. In addition, property boundaries in sea is a lacking area in the Cadastre Act, resulting in a lack of transparency facing third parties.

This paper will to a certain degree reach a conclusion, where thoughts from legislator, and the acts of the municipalities Kinn and Bremanger are emphasized. However, the quality of property boundaries in sea are hidden and of low quality for third parties looking up the cadastre.

Innhald

Føreord	1
Samandrag	3
Summary.....	4
Figuroversikt.....	7
1. Innleiing	8
1.1 Innhald og kapitteloversikt	8
1.2 Problemstilling	8
1.3 Grunngeving for problemstilling.....	12
1.4 Avgrensingar og føresetningar	13
1.5 Vidare oppbygging	14
2. Metode	15
2.1 Innhald og kapitteloversikt	15
2.2 Teori om metode og grunngeving for metode.....	15
2.3 Utval.....	16
2.4 Utforming av intervju	18
2.5 Intervjuguide.....	18
2.6 Validitet	20
2.7 Reliabilitet.....	22
2.8 Etikk	22
2.9 Gjennomføring og refleksjon.....	23
3. Bakgrunn og teori	26
3.1 innhald og kapitteloversikt	26
3.2 Matrikkellova generelt.....	26
3.3 Matrikkellova § 33	27
3.4 Matrikkellova § 34	27

3.5 Uklare grenser - Hjelpeliner	27
3.6 juridisk føring av eigedomsgrenser, føringsinstruks frå Kartverket	28
3.7 Korleis har eigedomsgrensene i sjø vore tidlegare	29
3.8 Nokre prinsipp kring eigedomsgrenser i sjø.....	30
3.9 Generelt om mellomgrenser i sjø, statestikk frå kommunane.....	34
3.10 NOU av 1988 nr 16	34
3.11 Lov om vassdraga og matrikkelen	35
3.12 Forvaltningslova og plikt om rettleiing	36
3.13 Masterplan matrikkel	37
3.15 Oppsummering av teori.....	38
4. Empiri	39
4.1 Kapitteloversikt.....	39
4.2 Dagens situasjon – nokre dømer frå matrikkelen	39
4.3 Innkommen informasjon	47
5. Drøftingar	52
5.1 innhald og kapitteloversikt.....	52
5.2 Korleis er eigedomsgrensene i sjø ført i Kinn og Bremanger	52
5.3 Korleis handsamar kommunane Kinn og Bremanger det?.....	53
5.4 utfordringar knytt til dagens situasjon?.....	54
5.5 Framtida.....	55
5.6 Samanfattande drøfting	56
6. Slutning	58
6.1 Innhald og kapitteloversikt	58
6.2 Refleksjonar knytt til metode og framgangsmåte.....	58
6.3 Faglege refleksjonar	60
6.4 Nokre tema for vidare forskning	61
Vedlegg.....	63

Vedlegg 1 Svar frå NSD.....	63
Vedlegg 2 Intervjuguide	63
Vedlegg 3 Informasjonsskriv til deltakarar	63
Bibliografi	63

Figuroversikt

Figur 1 Skjermdump henta frå Norgeskart.no 28.07.2021	9
Figur 2 Skjermdump henta frå Norgeskart.no 28.07.2021	9
<i>Figur 3; hentra frå rapport nummer 2, Eigedomsgrenser i sjø av Erik Neergård, UMB 2007 (side 5.)</i>	33
<i>Figur 4 Oversiktskart over liner i matrikkelen mellom to ulike eigedomar.</i>	40
Figur 5 Skjermdump av grense med hjelpeline langs sjø, og eigedomsgrenser mot sjø. Til vest ser ein grenseline langs sjø, men ikkje ut i sjø.	42
Figur 6 Ein setnrumsseigedom der det er grenser i sjø, av 10 cm og 13 cm kvalitet. Denne eigedomsgrensa går utanfor det regulerte området, og har vorte etablert i tråd med byggesak som er pågåande.	43
Figur 7 Syner ei tomt som har hjelpeliner som går langt ut i sjø, men er delt inn som eige polygon.	44
Figur 8 Syner nylege fråskilde tomter som er skild ut etter reguleringsplan. Yttergrensene mot nord er yttergrenser på reguleringsplan.	45
Figur 9 Syner ei strand der hjelpeline med vasskant er lagt inn som linetype. Ein ser også ei naustomt/buatomt vest i biletet, og der er det avgrensa med eigedomsgrenser på alle sider. Denne går noko ut i sjø, men fylgjer i det store land.	46
Figur 10 Syner ei gamal naustomt som ligg ved ei gamal steinkai. Det er eigedomsgrenser kring, som sluttar i hjelpeline vasskontur.	47

1. Innleiing

1.1 Innhald og kapitteloversikt

I dette fyrste kapittelet vil ein få ei innleiing på denne masteroppgåva, som omhandlar handsaming og matrikkelføring av eigedomsgrenser i sjø. Denne oppgåva er bygd opp med ulike kapittel, som igjen har underoverskrifter der ein ser på ulike felt som omhandlar temaet. Ein vil prøve å trekkje ein raud tråd gjennom alle kapitla, og eit overordna tema er problemstillinga som ein alltid må ha i bakhovudet når ein les. Vidare vil kvart av kapitla ha eit innhald og kapitteloversikt slik at ein kan få oversyn over dei ulike felta som ein kjem til å lese meir om.

Vidare i dette kapittelet vil det vere fokus på å introdusere deg som lesar for temaet korleis kommunane fører eigedomsgrenser i sjø. Dette kapittelet er i noko grad ei kappe kring dei andre, og omhandlar problemstillinga, grunngjeving for problemstillinga, avgrensingar og føresetningar samt om korleis oppgåva tek seg ut vidare. Dette kapittelet vil skape ein berande konstruksjon for det vidare arbeidet, og vert lagt til grunn at lesar har lese dette kapittelet for å vidare kunne nytte dei konklusjonane og problemstillingane som vert belyst seinare.

1.2 Problemstilling


Etter Lov om vassdragene § 5 første ledd står det «Enhver har rett til å kreve sin eiendoms grenser i vassdrag fastslått med bindene virkning og oppmerket.»

Lov om eigdomsregistrering § 2 står det at «lova gjeld for sjøområdene ei nautisk mil utanfor grunnlinjene.»

Det er to lover som er tydelege på at eigdomsgrenser i sjø skal vere på plass, og at kvar og ein har rett til å få dei oppmålt. Matrikkelen som er tilgjengeleg for ålmenta er tydeleg prega av hjelpeliner og vasskontur i strandsona og eigdomsgrensene er ikkje klarlagde i matrikkelen. Dette finn ein ved å slå opp i eit offentleg kart med eigdomsgrenser og gå til nokre tilfeldige områder med vatn eller sjø i nærleiken. Ein kan trekke fram Mjøsa,

Jølstravatnet og generelt heile kysten. Grenser stoppar oftast i land, og følgjer vasskanten i store trekk. Kvifor er det slik?

Ved å slå opp i Norgeskart, deretter gå nærare inn på strandsona ein tilfeldig stad, kom eg til Kjølen utanfor Larvik. Her ser ein ei bukt som har fleire moloar og truleg mykje ulik eigedomsstruktur. Kven som eig sjøarealet er for tredjepartar uvisst, og kjem ikkje fram av matrikkelen.



Figur 1 Skjermdump henta frå Norgeskart.no 28.07.2021

Tek ein vidare turen inn i Frognerkilen og ser innanfor Dronninghavna, finn ein same «manglande» informasjon.



Figur 2 Skjermdump henta frå Norgeskart.no 28.07.2021

Det er kommunen som er lokal matrikkelmynde etter lov om eigedomsregistrering § 5 a andre ledd. Kommunen skal utføre oppmålingsforretningar og føre i matrikkelen. Kva er det som gjer til at det ikkje er fleire grenser i sjø og vassdrag som er oppmålt og lagt inn i matrikkelen?

Mange spørsmål kan ein trekkje fram i lyset, og gjennom nokre periodar med arbeid innan landmåling var temaet om grenser i sjø og vatn eit gjentakande tema som vart diskutert i saker, i lunsjen og med grunneigarar.

Fiskerinæringa har lenge vore populært i Noreg, og ein har utnytta resursar i sjø og vatn i lange tider. Utvikling innan teknologi, økonomi og kunnskap gjer at det kjem endringar i korleis vi nyttar ressursane våre.

I ein presentasjon frå Kartverket (Haugland, Geoforum, 2018) vart det lagt fram eit uvisse om temaet eigedomsgrenser i sjø. Det vert på spøk trekt fram «Advarsel: blir kanskje flere nye spørsmål enn klare svar...» (Haugland, Geoforum, 2018) Denne var truleg meint som ein spøk, men treff godt for foredraget som vart halde. Dette seier noko om aktualiteten for temaet om eigedomsgrenser i sjø, og at det er eit område som er lite opplyst.

Eit stort ullent område er ei kjensle eg også har kjent på i jobberfaringa mi, og lysta på å få litt kontroll og oversikt kom. Det at Haugland stadfestar mine tankar, samstundes som det er eit fokusområde for Geoforum som var målgruppa for foredraget, vart det klarare for meg. Dette er eit dagsaktuelt tema som treng fokus og pleie. Ei hovudproblemstilling som eg meiner dekker dette området, vil då verte:

Å belyse matrikkelføring av eigedomsgrenser i sjø i kommunane Kinn og Bremanger

Som delproblemstillinar er her valt:

- 1. Korleis er dagens eigedomsgrenser i sjø ført i Kinn og Bremanger?**
- 2. Korleis handsamar Kinn og Bremanger eigedomsgrenser i sjø?**
- 3. Opplever Kinn og Bremanger nokre utfordringar knytt til dagens situasjon når det kjem til matrikkelføring av eigedomsgrenser i sjø?**

4. Korleis ser Kinn og Bremanger framtida for matrikkelføring av eigedomsgrenser i sjø?

Hovudproblemstillinga handlar om å få kontroll på korleis situasjonen er i dag, og korleis to kommunar gjer det. Målet er å skape forståing over situasjonen, og få eit innblikk i korleis det vert gjort og kva dei tenkjer. Ved å famne smalt geografisk i hovudproblemstillinga, vil ein få høve til å gå meir i djupna på tematikken. Djupneforståing er viktigare for denne problemstillinga enn å få eit stor oversyn.

Vidare er delproblemstillingane delt opp i ulike område. Det fyrste handlar om dagens situasjon. Ein ynskjer å take temperaturen på området, og skape ei forståing av korleis det er.

Delproblemstilling nummer to trekker inn korleis kommunane handsamar eigedomsgrenser i sjø. Korleis er det dei gjer det, og er det noko dei arbeidar med til dagen? Her vil ein prøve å få kjennskap til korleis kommunane arbeider og handsamar både prosessen og får eit resultat i matrikkelen.

Den tredje og viktige delproblemstillinga handlar om utfordringar knytt til matrikkelføring av eigedomsgrenser i sjø. Denne er på eit vis todelt, der du har det tekniske og prosessuelle når det kjem til eigedomsgrenser. Det er korleis ein kjem fram til grenser i sjø, samstundes som ein ser på korleis grenser i sjø ser ut for ålmenta gjennom offentlege kart osv.

Framtida er eit stikkord som er viktig i delproblemstilling nummer fire. Denne delproblemstillinga handlar om korleis kommunane ser for seg i framtida når det kjem til matrikkelføring av eigedomsgrenser i sjø. Målet er her å få innblikk i korleis kommunane sjølve ser situasjonen og kva tankar dei har gjort seg opp på dette området.

Ettersom at det er kommunen som er lokal matrikkelmynde etter lov om eigedsregistrering (matrikkellova) er det kommunen ein må sjå mot. I utgangspunktet ville det vere naturleg å sjå på korleis ein kan få til ei betre handtering av eigedomsgrenser i sjø og vassdraga, men etter litt djupneforståing av området og dialog med landmålarar, er

det lite informasjon om korleis ein handterer eigedomsgrensene i sjø i dag. Dette var ei brikke som måtte vere på plass før ein kunne ha gått breiare og større til verks.

1.3 Grunngeving for problemstilling

Denne problemstillinga gjorde seg gjeldande over tid, og vart naturleg å sjå på av fleire grunnar. Tidleg under utdanninga tok eg matrikkelføringskurs og bestod eksamen, slik at eg hadde lov til å føre i matrikkelen jf. matrikkellova § 22 fjerde ledd. Vidare var eg i praksis i om lag åtte månadar, i Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett. Her var det mykje lærdom og fagfeltet vart mykje klårare. Fleire av sakene som eg var med på, handla om rettar i sjø, og då spesielt kor lite informasjon det var å hente på dette området. Her vart det tydeleg for meg at det var lite informasjon om temaet.

Vidare fekk eg høve til å arbeide i Enebakk kommune, der kollegaane mine hadde stor fagleg interesse, og eit tema som slo seg gjeldande fleire gonger, var føring av eigedomsgrenser i sjø og vassdrag. Det var diskutert som eit tema ein kjende eit auka fokus på, samstundes som ein kjende på manglande erfaring og kontroll.

Ein ser òg at eit auka fokus og auka press på matrikkelinformasjonen og kvaliteten vert sterkare og sterkare. For å få belyst dette som eg hadde opplevd var utfordrande, vart det vidare ei spanande tilnærming om dette var min manglande evne til å finne denne informasjonen, eller om det var ei meir gjengs utfordring. Målet mitt er ikkje å gjere greie for å lage ein mal for vidare bruk, men heller gjere lovgjevar, matrikkelførarar, fagområdet, brukarane av matrikkelen og landmålarar klar over at dette er eit tema som må belysast.

For å gjere det heile komplett, vart det tvist om eigedomsgrensa i sjøen kring landbrukseigedomen som familien eig. Det vart oppmålingsforretning etter matrikkellova § 33. Det vart ikkje semje for heile grensa mellom partane, og ein fann ei mellombels løysing som fungerte fram til ein fekk ei løysing med rettsmekling. Under denne prosessen, som òg held på parallelt med oppgåva mi, fekk eg og fleire auga opne for at det var lite informasjon og mange uklåre svar. Gjennom denne prosessen vart eg personleg medviten om dette området, og såg at det var utfordrande å setje seg inn i informasjonen som var tilgjengeleg, og fekk ei forståing av at området var lite opplyst og tydeleg rammer kring. Vidare ved å

bivåne denne prosessen, fekk eg eit inntrykk at det ikkje var mykje informasjon på dette området, og det var heile vegen ei kjensle av lite informasjon og kunnskap. Det var denne kjensla eg og familien kjende på, om det var noko som berre var gjeldande for oss, eller var det gjengs.

At eg kjende på dette området som lite opplyst og utfordrande, gav meg meir interesse og iver til å finne ut meir om det. Det var ikkje det juridiske i seg sjølv som trakk fram interessa hjå meg, men korleis det fungerer i dag. Korleis er det forvaltinga gjer det?

Av den grunn er det viktig å finne ut korleis det faglege blir forstått av landmålarar. For ikkje å nemne den nye ordninga som omhandlar landmålarbrev som er i kjømda. Her skal ein sikre kompetanse til landmålarar, og gjere seg opp eit system der landmålarar må gjennomgå ein autorisasjon med eksamen for det er no i ein overgang til eit system der ein skal ha landmålarar med landmålarbrev. Her skal alle landmålarane gå gjennom ein eksamen, og dette vert gjort for å få sikra kompetansen til landmålarane rundt om i landet. I kjølevatnet av eit slikt løft, vert det naudsynt å ha informasjonen lettare tilgjengeleg, og landmålarane skal ha kompetanse på området. Dagens landmålarar har fått sin eksisterande kompetansen gjennom erfaring i jobbar tidlegare og liknande, men no er det lagt opp til ein meir pensum-basert læringsprosess.

1.4 Avgrensingar og føresetningar

Eit stort fagfelt med mange ulike inngangar og utgangar skal vendast, og ein skal finne eit område som ein kan sjå vidare på. Ein har dei ytre faktorane som hindrar ein, som; tid, djupne, tilgjenge og situasjonen ein er i angående koronapandemien med meir. Vidare er det dei indre faktorane som avgrensar seg sjølv. Kva er eg interessert i, og kva er eg god til. Her må ein finne ein balanse mellom dei indre og ytre, og finne der skjeringspunktet er.

Den største avgrensinga som vert gjort i dette arbeidet er å skilje mellom kva det juridiske seier om føring i sjø, og kva den einskilde matrikkelføraren gjer. Sidan ein skal sjå på korleis matrikkelførarar gjer det, er dette av den grunn ikkje noko fasit på korleis ein skal gjere det,

men spegle av korleis nokre kommunar gjer det, og tankane deira kring føring av eigedomsgrenser i sjø.

Problemstillinga er avgrensa til to kommunar; Kinn og Bremanger. Grunnen for at det berre er to kommunar, handlar om det praktiske, samstundes som poenget er å få fokus på eit område. Tanken er å få fram korleis nokre gjer det, og take denne erfaringa med seg vidare til vidare arbeider nokon vil gå i gang med. Det er ikkje sagt at det er slik i alle kommunar, men det viktigaste er å få fram korleis nokon gjer det for ettertida.

Nokre kommunar har også landmålarar og eigne matrikkelførarar, dette er det ikkje i Kinn og Bremanger, som gjer at det er same person som held oppmålingsforretninga som fører grensene.

1.5 Vidare oppbygging

Vidare i dette arbeidet vil det vere eit metodekapittel som kjem som neste kapittel. Dette skildrar metoden som vert nytta for å samle empirien for arbeidet. Metodekapittelet skal gje deg som lesar nok kunnskap til å forstå korleis eg har tenkt og korleis eg har gjennomført arbeidet med å skaffe empiri.

2. Metode

2.1 Innhald og kapitteloversikt

Dette kapittelet tek føre seg metoden som vert nytta i denne oppgåva. Ein vil fyrst få fram nokre grunnleggjande faktum kring forskingsmetode, med noko større fokus på metoden som vert nytta vidare. Her vert metodevalet grunngjeve, samstundes som ein får innsyn i korleis utvalet er plukka ut frå.

I ei slik oppgåve er det viktig å få inn informasjon som kan seie noko om problematikken. Sidan dette er eit samfunnsvitskapeleg spor, vert ein informant hovudtyngda i empirien. Metode i ei masteroppgåve er på ein måte ramma til eit bilete. Det er mogleg å feste trådar frå eine kanten og over på den andre. Saman skapar ein eit grunn-nett med renning som igjen skapar eit resultat som kan vere synleg for folk.

For denne oppgåva var det utfordrande å velje korleis fokuset skulle vere, og ikkje minst kva resursar som er tilgjengeleg. Ein må tidleg stake seg ut ei retning, der ein set nokre standpunkt. For denne oppgåva var det å belyse korleis kommunane Kinn og Bremanger matrikkelfører eigedomsgrensar i sjø.

2.2 Teori om metode og grunngjeving for metode

Metodeval handlar om å få fram og belyse problemstillinga, og ein må då sjå på kva som er grunnlaget i ei problemstilling. Ei slik problemstilling som er valt, handlar om å belyse ein handling frå kommunar. Det å belyse noko, slik det er lagt opp til i denne oppgåva, handlar om å sjå på korleis individ tenkjer og kva dei gjer. Det er djupneforståing som er det berande for å få fram intensjonen bak hovudproblemstillinga. Det vil verte aktuelt å ha personlege møte med respondentane, og eit semistrukturert intervju.

Metode har to spor, som vert kalla kvalitative og kvantitative tilnærmingar (Tranøy, 2021). Dei kvalitative er meir i djupna på individ, og finn ut korleis dei ulike individa ser på saka og kva dei meiner og uttrykker. Ein klarer skjeldan å talfeste svara, og resultatet er meir kjøtfuldig enn ei kvantitativ tilnærming (Grønmo, snl, 2021). Den kvantitative tilnærminga er ofte ja eller nei spørsmål, eller tilnærmingar som går ut til fleire som dei gjennom rangering

klarar å gje tilbakemelding på. Eit kjend døme for ei kvantitativ tilnærming er ofte eit spørjeskjema som vert distribuert i stort mon (Grønmo, snl, 2021).

Gjennom gjennomgang av dei kvalitetane som er målet å få fram i denne problemstillinga, er det tydeleg at eit kvalitativt spor vil gje dei tilnærmingane som truleg vil belyse dette området best.

For å få ein bredde og sjå korleis matrikkelen ser ut i dag for nokre eigedomar som grensar mot sjø, vil ein take ut nokre stadar langs kysten og sjå korleis det det er. Her vil ein få eit oversyn over korleis nokre avgrensingar mot sjø er og korleis eigedomsgrensene gjer seg gjeldande.

2.3 Utval

Utvalet handlar om kva som er opning for å bruke som respondentar eller som grunnlag for empiri. Problemstillinga er allereie geografisk avgrensa til kommunane Kinn og Bremanger. Då vil det vere naturleg å sjå på dei kommunane, og sjå kven som kan vere aktuelle å nytte som resursar for empiri.

Grunnen for at ein har valt desse to kommunane, handlar i hovudsak om tilgjenge og kjennskap. I og med at eg jobbar i Kinn kommune vart det naturleg å nytte kollegaane mine og dei resursane eg sit nær. Samstundes som dette er to store kystkommunar, med ulike kvalitetar og to kommunar som gjerne ikkje stikk seg fram korkje positivt eller negativt.

Då eg byrja å jobbe på geodataavdelinga i Kinn kommune hausten 2020, fekk eg eit djupare innsyn i denne problemstillinga. Kinn kommune, som Florø og Måløy er delt kommunesenter mellom, er ein kommune med overkant av 17 000 innbyggjarar. (Statens sentralbyrå, 2021) Fjell og fjord, og ulike næringar og aktivitetar langs kysten. Det har også nyleg vorte kommunesamanslåing mellom gamle Flora kommune og delar av Vågsøy kommune, som også opnar opp for at det vert diskusjon kring etablerte rutinar og strukturar som skal gjerast gjeldande og setjast spørsmål ved.

Bremanger kommune ligg i mellom den nordlege og sørlege delen av Kinn kommune, og ein får då ei kystline som er lang, og har enorme skilnader. Bremanger er ein liten kommune med om lag 3500 innbyggjarar. (Statens sentralbyrå, 2021). Bremanger kommune har også veldig variert natur, og har dei små øyane og kystkultur, samstundes som dei har dei runde fjordane og alle pollane.

Eit viktig moment å trekkje fram er kva målet med oppgåva er. Å belyse ein tematikk, seier ikkje at slik er det, eller slik er det ikkje. Gjennom å kunne avgrense oppgåva til få kommunar, kan ein gå meir i djupna og få eit djupare bilete på korleis det er der. Ved å djupare inn i kvar landmålar, kan ein skape eit meir heilskapleg bilete akkurat der. Dette har sjølvstøtt konsekvensar for bredde og aktualiteten for temaet, men dette bør nokon i lys av mi oppgåve gå vidare med.

Problemstillinga handlar om å belyse korleis kommunane Kinn og Bremanger matrikkelfører eigedomsgrenser i sjø. Ein har ved å sjå på kommunane Kinn og Bremanger, avgrensa det geografiske området. Gjennom kjennskap til kommunane, får ein då eit innblikk i kven som matrikkelfører eigedomsgrenser i sjø. I Kinn og Bremanger, er det slikt oppbygd at det er landmålarane som er styrar for oppmålingsforretningar som også matrikkelfører eigedomsgrensene i etterkant av ein oppmålingsforretning.

Då Bremanger kommune ikkje hadde nokon som jobba i denne stillinga som dei til vanleg hadde, var det ingen som førte matrikkelen for dette fagfeltet akkurat i dette tidsrommet. Bremanger leiger inn desse tenestene, og har av den grunn ikkje ein fast landmålar. Ein valte då å ikkje ta kontakt med den innleigde landmålararen for tida, då det er ein viktig faktor at respondenten jobbar i kommunen og har dette tankesette. Det er viktig at respondenten har eit forhold til matrikkelen og gjerne eit eigarskap samt framtidstankar om temaet. I dialog med kollegaer og andre som eg opplever har kjennskap til dette, var ein slutning teken på at ein ikkje går vidare med Bremanger kommune sine innleigde landmålarar.

Ein gjekk vidare med å nytte alle landmålarane i Kinn kommune som respondentar. Det er tre landmålarar i Kinn kommune, og alle har over ti år erfaring innan feltet. Bremanger er

framleis med som del av utval for å take områder frå matrikkelen å sjå på, og vert av den grunn ikkje teken ut av problemstillinga.

2.4 Utforming av intervju

I arbeidet med å utforme eit intervju, var det fleire faktorar som måtte vere på plass. Då oppgåva handlar om å belyse, måtte ein finne kva område ein ville belyse og av kven. Då det som tidlegare er landmålarane som matrikkelfører eigedomsgrenser i sjø, vart det aktuelt å intervju landmålarar som jobbar i Kinn og Bremanger. Gjennom ei attendemelding frå Bremanger kommune, fekk eg stikkord om kva dei tenkte om temaet, og vart ein viktig peikepinn på kva som kunne vere aktuelt å opplyse.

For å få dei problemstillingane som er trekt fram i lyset, måtte ein prøve å forme spørsmål og samtalar der ein kunne tenkje seg å få belyst dei problemstillingane. Det var også veldig viktig for heile problemstillinga mi å skape ei djupneforståing over temaet, og ikkje berre gjere seg opp ei kjapp meining og vidare til neste tema. Ein gjekk av den grunn fleire rundar med seg sjølv for å vurdere kva spørsmål ein skulle stille, eller om ein skulle gjere det til ein situasjon med spørsmål og svar.

Gjennom målet om å få ein samtale som fører til å belyse problemstillinga, vart det klart for meg at eg måtte prøve å gjere intervjuet som ein samtale, der ein har spørsmål som opnar opp samtalen. Då eg hadde nokre klare områder frå E-posten frå Bremanger kommune, hadde eg nokre utgangspunkt som eg kunne spele inn for å skape rom for dialog og samtale.

2.5 Intervjuguide

Intervjuet er for denne oppgåva sjølv rosina i pølsa, og er grunnlaget for det resultatet som vert tilgjengeleg for alle. Då ein i ein hektisk kvardag for landmålarane prøvde å få tid til eit intervju, var det viktig å skape eit rom der ein fekk tid til å kjenne på temaet. Det er også viktig at ein ikkje kjem inn i rommet med ei bebreidande tilnærming, då ein kanskje opplever at det er noko som manglar, sidan fokuset er belyse korleis det er i dag. For at det ikkje skal

opplevast som kritikk eller bebreidande ovanfor respondentane, vart det viktig at spørsmåla vart nøytrale og skapar eit nøytralt bilete av området.

Dei ulike spørsmåla som vart skissert inn i intervjuguiden er ikkje meint til å verte bestvart direkte, men vere til nytte for å belyse kva områder som ein ynskjer å komme inn på. Eit av dei fyrste spørsmåla som er aktuelle å stille, er ein opning om temaet føring av eigedomsgrenser i sjø. Av den grunn vart første spørsmål eller samtaleopning ein slik formulering:

Har du nokre tankar om temaet «føring av eigedomsgrenser i sjø»

Her er målet å få opp ein samtale, og syne kva som vil vere fokuset for intervjuet, eller samtalen som er eit meir treffande ord frå mi tilnærming. Dette spørsmålet er meint til å gje respondenten eit høve til å komme med sine «akutte» tankar, og gje meir total fylde på spørsmåla som kjem i etterkant av denne opninga.

Ein går då vidare til den erfaringsbaserte delen av samtalen, og ynskjer å få eit overblikk over kva erfaring landmålarane har. Spørsmålet er tenkt:

Har du saker der eigedomsgrenser i sjø er eit tema? Er du ofte innom det?

Her er det fokus å få fram saker, slik at landmålaren klarar å feste temaet i sine saker, og ha knaggar å henge vidare på. Ein ynskjer også her å få fram om det er nokre refleksjonar kring dette, og om kva omfang ein jobbar med grenser i sjø.

Ein vil også setje fokuset på kvifor ein enten jobbar mykje eller lite med dette temaet, og vil av den grunn komme til neste spørsmål som handlar om:

Kvifor trur du det er slik?

Her er det opning for at landmålar kan reflektere kring kvifor det er det eine eller det andre.

Ein går vidare på området om informasjon om temaet, og prøver å få fram korleis landmålaren jobbar for å få oversyn over temaet med spørsmålet:

Er det mykje informasjon å finne om dette temaet?

Då kjem ein truleg inn på ein dialog om kor dei finn informasjon, og ein ser på ulike kjelder og fokusområdet dei ulike institusjonane har. Ein kan då vidare naturleg drage temaet inn på å utfordre dei om kva dei tenkjer om framtida og korleis ein bør fokusere vidare på området:

Er det noko du meiner bør vere meir fokus på vidare?

Eit anna tema som også er viktig i få fram er korleis landmålalarar ser på rolla til kommunen, og korleis dei sjølve tenkjer det. Ein går då inn i temaet om plikta til å rettleie partane.

Vassdragslova § 5 opnar for at alle kan krevje eigedom sin fastlagt, korleis tenkjer du kommunen si rolle i dette? Forvaltingslova si rettleiingsplikt.

Her er det nyttig å få fram kva den einskilde landmålaren tenkjer kring rettleiingsplikta og få ei forståing av kva dei tenkjer denne gjeld for.

Utvikling og vegen vidare er viktig å få fram. Det å få kjennskap til korleis landmålalarane ser føre seg framtida, og korleis dei tenkjer utviklinga vil vere. Ein må prøve å få respondenten til å komme inn på temaet om kva dei tenkjer, og frå si magekjensle. Spørsmålet som vil romme dette temaet vil vere noko tilsvarande dette:

Korleis føler du utviklinga vil skje framover?

Eit avsluttande spørsmål handlar om å gjeve landmålaren rom for å kome med sine tankar om korleis han opplever det. Fokuset er å få fram om landmålalar er faglege trygg kring temaet, og målet er å skape ein refleksjon på korleis landmålaren ser seg sjølv. Det siste spørsmålet vil då vere med slikt innhald:

Føler du deg trygg på det faglege kring føring av eigedomsgrenser i sjø?

For å få fokus på kva landmålalarane tenkjer om sin eigen faglege kompetanse, er målet å utfordre dei på dette. Gjennom ein refleksjon om kva dei tenkjer om seg sjølv, kan ein også kome vidare med andre tema og løysingar som dei ser føre seg kan ha verdi.

2.6 Validitet

Validitet er eit viktig område i all forskning. Validitet handlar om gyldigheit og at det er samanheng mellom dei resultatata ein trekkjer slutningar ut av samanlikna med det føremålet var å undersøkje. (SNL validitet, 2021)

Innan validitet er det også indre og ytre validitet. Dette handlar om kor mykje ein kan generalisere av data, altså at ein kan forstørre forskinga og gjere denne gjeldande for fleire enn dei som er med i studien. (SNL validitet, 2021)

At svara og tilbakemeldingane er valide, er viktig for denne oppgåva. At det er forståing i kva ein legg i ting, og at ein opplever felles forståing over omgrep og andre gjenstandar for usikre moment. Då oppgåva på eit vis er noko todelt, handlar den på eine handa om kva landmålarane tenkjer; altså korleis dei opplever situasjonen no og kva dei tenkjer om framtida. Dette området er viktig at eg tolkar rett, og får ei forståing som ikkje lid av manglar eller forbigåingar. Gjennom å ha augekontakt, lese kroppsspråk og vere opne for at ein kan gje uttrykk for at ein kan stille spørsmål eller avbryte intervjuet er viktig.

I kvalitativ metode er pragmatisk validitet eit viktig område. Dette handlar om at respondenten handlar i tråd med sine utsegn. Ved å ha fokus på at det ikkje er noko rett eller feil svar, vart dette kommentert under og før intervjuet. Samstundes som ein opna for at respondentane kunne syne til arbeidet sitt og forklare det. På dette viset kan ein unngå at dei ulike respondentane snakkar over evne, og syner den realiteten som dei er i. Ein må ha med seg at det kan vere uvisse, og dette må vere berande ved all tolking og drøfting. Dette gjeld også deg som lesar av oppgåva.

Kompetansevaliditet handlar om at kompetansen til forskar er rett. Då eg som masterstudent skal gjennomføre eit arbeid der ein har eit fokus på metode og ein byggjer informasjonsinnhentinga på empiri, er det viktig å vere kritisk. Ettersom at kompetansen min ikkje er sterk på området, er dette viktig å få fram. Gjennom ei slik oppgåve er også eit berande element av læring og læringskurve. Det er slik at eit slikt arbeid skal skape refleksjonar om kva som har gått bra, men også kva som kunne vore betre eller annleis. Ein må vere medviten om kva ein veit, samstundes så kan ein manglande kompetanse på området gjere at ein går inn på spor ein annan forskar gjerne hadde unngått. Her kan ein altså få eit unikt innblikk i felt som gjerne hadde vore urørt. (Grønmo, 2016)

2.7 Reliabilitet

Reliabilitet tyder på ein måte pålitelegheit, som vil seie at ein skal kunne gjennomføre dette forsøket fleire gongar og ende opp med same resultat. (SNL reliabilitet, 2020)

Ofte samanliknar ein reliabilitet med ei skyteskive der ein får skota i same område. Om ein klarer å gjennomføre same metode som gjennomført og same type svar, har ein høg reliabilitet. Dette tyder på at ein kan strekke forskinga opp i målestokk og gjere det generelt. For å få kontroll over kva reliabilitet ein har, må ein ha fokus på dette.

I dette arbeidet er det eit fokus på å belyse, og skape merksemd om temaet og problemstillinga. Då det er basert på intervju som er noko lause, men samstundes nokre tema som ein er innom, vil ein kunne gjennomføre dette fleire gonger med ulike attendemeldingar og fokusområdet. Då dette er ein del av arbeidet, at ein ser kva landmålarane tenkjer og fokuset dei trekkjer fram, vil realibiliteten henge saman med dette. Truleg vil ein ved å gjennomføre ein tilnærma lik metode skape eit fora der dei same momenta som vert trekt fram, verte gjeldande. Ein må take med at dette er ein kommune som er i fokus, og ein vil av den grunn kanskje ikkje oppnå same resultat hjå andre kommunar eller andre institusjonar. Dette er ikkje eit mål i dette arbeidet, men bør vere eit moment å vere klar over.

Den tilnærminga eg har til fagområdet og kjennskap til respondentane, vil truleg gjere det utfordrande for andre å gjennomføre eit slikt arbeid og få same resultat. For å avgrense denne utfordringa, har eg vore lite styrande under intervju og prøvd og vore nøytral. Det er ikkje mogleg å vere nøytral, og dette må ein take med i ei heilskapsvurdering.

2.8 Etikk

Ein etisk diskusjon er viktig i eit arbeid, for sikre at ein er medviten om vala og konsekvensane ein er inne i.

Tidleg i handsaminga av denne oppgåva, vart det etiske fort at det er så få respondentar at ein ville få eit intrykk av kven som står bak kva empiri. Då det på noko vis er sporbart kven

som jobbar i dei ulike stillingane, er det viktig å skjerme dei ulike respondentane.

Samstundes var det ein viktig faktor å ikkje setje finger eller ros, slik at ein framstiller som rett eller feil. Ei nøytral framstilling over korleis kommunar matrikkelfører eigedomsgrenser i sjø handlar om å framstille faktum, og gjere dette synleg for andre. Å belyse skal ikkje vere ei form for offentleg uthenging eller offentleg applaus.

For å verne om respondentane og dei kommunane som er valt, har ein teke eit aktivt val om kva problemstilling ein har, og ynskjer å belyse, ikkje kommentere. Ved å vri problemstillinga i ei slik retning, kan ein verne om respondentane, og truleg oppnå ei djupare og meir ekte forståing hjå respondentane.

Ei annan viktig etisk problemstilling som kom fram, var at denne gruppa med respondentar var mine kollegaar. For å unngå å skape eit press frå meg og arbeidsgjevar om å delta i eit slikt arbeid, var det viktig for meg at respondentane ikkje følte seg pressa å delta. Av den grunn gjennomførte eg dei ulike frivillige intervjua med stort tidsmellomrom, slik at det ikkje skulle verte ei kjensla av å vere neste i rekka. For å tydeleggjere at det var eg som student og som forskar, måtte eg opplyse om dette tydeleg. Då det talte ord ikkje alltid er like sterkt som det følte ord, var det viktig for meg å gjere det slik at eg informerte om oppgåva mi og kva eg hadde tenkt. Vidare venta eg på at respondentane sjølve skulle kommentere det eller gå i tale sjølv.

Då ein skal ha intervju og handsame persondata, vart dette prosjektet søkt om til Norsk senter for datasikkerhet (NSO). Søknaden vart godkjend, og ligg ved denne oppgåva som vedlegg. Då arbeidet vart noko lengre i tid enn planlagt, vart dette endra og godkjent i etterkant. I svaret vurderinga frå NSO kom det fram at handsaminga av personopplysningane i prosjektet ville vere i samsvar med personvernlovgivinga.

2.9 Gjennomføring og refleksjon

Gjennomføringa av sjølve intervjua, var ein viktig del av oppgåva og min motivasjon for dette arbeidet. Det var mykje som skulle klaffe for å få til eit intervju som ikkje bar preg av hastverk, stress eller andre uheldige faktorar. I ei tid med stort arbeidspress på

arbeidsplassen, og eit høgt tempo, måtte ein finne rom for gjennomføring av intervju. Som tidlegare var også ein plan om å ta det når respondentane sjølv tok til orde for å bidra i arbeidet.

Det vart då naturleg når kvar enkelt landmålar som tok kontakt at ein gjerne hadde kapasitet til å gjennomføre intervju. Gjennom trygge rammer og på deira eigene kontor, skapte ein trygge rom for å opne seg å gå i djupta. Det var fokus på kva eg heldt på med og korleis eg jobbar med oppgåva og andre praktiske spørsmål som var i fokus på alle tre intervju til å byrje med. Nokre var nysgjerrige om prosessen, medan andre meir over resultatet og kva mine tankar var. For min del var det viktig å gjere det tydeleg at ein hadde eit mål om å få inn god empiri og skape ei ramme rundt. Dette for å gjere landmålarane klar over at denne oppgåva ikkje handlar om å lese eller studere, men å snakke med folk som den største kjelda til informasjon.

Ved å setje fokus på kva viktig oppgåve dei har i eit slikt arbeid, vart det tydeleg at det korkje var ris eller ros som var fokuset, og at dei sjølv fekk innsyn i kor viktig det var at dei var opne om kva deira tankar var. Eg skal ikkje gå i kjelder og spegle orda deira, men få eit resultat av kva dei har kome med. Dette gav slik eg opplevde det respondentane ei meir avslappa haldning til intervjuet.

Når det vart naturleg, byrja eg å sende samtalen inn i dei timane som eg hadde eit ynskje om å komme innom. For meg var det ikkje viktig å styre samtalen, men målet var å late samtale flyte innom temaet som var målet å vere innom. Etersom at det ikkje var eit mål å få til eit forum med spørsmål og svar, vart det meir ein samtale der ein hadde nokre område som eg trekte inn. Spørjeorda som kva, korleis eller kvifor vart heller bytte ut med meir munnlege tilnærming og heller trekkje det inn når det var nemnt av respondenten. Dette for å sikre å få svar som ikkje vert bearbeida i så mykje frå respondenten, men meir impuls.

Intervjua varte i om lag 25 til 30 minutt, og var samanhengane om temaet i om lag 20 min, alle tre. Det var eit intervju som vart gjennomført via teams, då det var utfordringar med å møte fysiske på grunn av korona. Dei to andre vart gjennomførte fysisk og var på kontora til

dei ulike landmålarane. Ein følte på alle tre intervjua at det var naturleg og eg opplevde det var trygge forum der det ikkje var noko stift eller ubehageleg som vart førande.

I etterkant av intervjua er det ikkje mykje som eg meiner burde vore uendra. Med dei føresetnadane og den kjennskapen eg hadde til temaet, meiner eg at eg klarte å få eit forum der ein klarte å gjennomføre gode intervju under trygge og etablerte rammer. Det var heile vegen respondenten som var i fokus, og eg opplevde dei som klar over dette. Eit moment som eg meiner eg burde sett på, men framleis usikker på korleis ein kunne ha løyst, er å høyre korleis respondentane opplevde det. Det er mine kollegaer, og eg er usikker om ein kan take ei tilbakemelding slik den vert gjeven. Ein måtte då ha fått eit fora der ein opnar for ein slik dialog, utan at det vert kollegakjensla som er rådande. Dette opplever eg ikkje som noko problem, men ynskjer å gjere det synleg.

3. Bakgrunn og teori

3.1 innhald og kapitteloversikt

Innhaldet i dette kapitlet vil omhandle nokre område med teori, og gje deg som lesar eit innsyn i noko teorien som er gjeldane kring temaet og problemstillinga som er stilt. Ein vil kome inn på matrikkellova, som er den viktigaste lova landmålarar og matrikkelførarar handsamar. Etter denne vil ein sjå på kva grenser i matrikkelen er og kva som ligg til grunn for dei ulike omgrepa. Føringsinstruksen som er utarbeida av Kartverket og oppdatert heile vegen, vil ein trekkje inn.

Eit historisk bilete på korleis eigedomsgrenser har vore og kva som ligg til grunn for dagens matrikkel er også eit område som ein vil komme innom. Dette ilag med nokre prinsipp om korleis eigedomsgrenser i sjø har vore og framleis er. Statestikk frå tildegare arbeider og ein NOU frå 1988 som omhandlar temaet, og som har hatt brei fagleg tyngde bak seg vil ein også sjå på.

Det er utfordrande å finne teori som speglar problemstillinga, og ein prøver då å belyse området noko generelt for å gje deg som lesar høve til å forstå kvifor problemstillinga er løfta og kva som byggjer rundt denne.

3.2 Matrikkellova generelt

Matrikkellova er førande for matrikkelen, og fungerer som den viktigaste reiskapen ein har for å få ein god matrikkel. For å kunne sjå på korleis ein jobbar rundt matrikkelen og korleis grenser i sjø kjem seg inn i matrikkelen, er det viktig at du som lesar får kjennskap til korleis lovgjevar, altså Stortinget, tenkjer. Ein vil difor gå gjennom nokre sentrale paragrafar og gje eit innsyn i dei , og kva som er intensjonen med dei.

Ein passende paragraf å take til med, er naturleg nok føremålsparagrafen, altså § 1 «Lova skal sikre tilgang til viktige eigedomsopplysningar, ved at det blir ført eit einsarta og påliteleg register (matrikkelen) over alle faste eigedommar i landet, og at grenser og eigedomsforhold blir klarlagde.» Matrikkelen skal vere eit register der tilgangen til viktige eigedomsopplysningar er sentralt. Vidare skal

matrikkelen vere eit einsarta register, som gjer at dette skal vere eit register som er unikt, og at det ikkje har «konkurrentar» som set matrikkelen som usikker.

3.3 Matrikkellova § 33

Matrikkellova § 33 handlar om oppmålingsforretningar, og er den paragrafen som set krav til landmålar og kva som skal vere gjeldande for ei oppmåling. I fyrste punktum vert det trekt fram at ein skal klarleggje og beskrive grenser som kjem fram frå partane. Det er ikkje noko avgrensing i kva grenser ein skal klarlegge og beskrive, noko som gjer at ein ikkje skil på grenser på land og i sjø.

I forarbeida vert det trekt fram at landmålar skal vere den som klarlegg grensa og rettane i tråd med partane og deira semje. Det er også landmålar som skal bringe fram opplysningar og dokumentasjon som er naudsynt for ei ev. matrikkelføring eller tinglysing.

Det kjem også fram at det er partane som i utgangspunktet som er ansvarlege for å avklare og dokumentere rettsforholda. Det vil altså seie at det er partane som skal ha eigarskap til sine egne grenser.

3.4 Matrikkellova § 34

Matrikkellova § 34 handlar om merking og innmåling av eigedomsgrenser. Alle grensene skal merkast, kjem det fram av fyrste punktum i fyrste ledd. Det kjem ikkje fram noko i lovteksten om at eigedomsgrenser i sjø ikkje skal merkast og målast, men det står heller ikkje korleis dei eventuelt skal merkast og målast.

3.5 Uklare grenser - Hjelpeliner

Matrikkelen har mange uklare grenser, og på nettstaden til Kartverket finn ein informasjon som er meint til «den vanlege mann i gata». Under temaet «Uklare grenser» kjem det fram at hjelpelinjer er stipla linjer, som vert nytta når ein ikkje har informasjon om kvar grensa går. Det kjem fram døme som mot veg, vassdrag, vatn og sjø. Det vert også gjort klart at slike hjelpeliner ikkje er grenser. (Kartverket, 2021)

Hjelpeliner er då ikkje grenser, og må av den grunn ikkje blandast vidare med eigedomsgrenser. Denne skilnaden er veldig nyttig å få kontroll over tideleg, slik at dette vert ei berande tilnærming vidare.

Vidare er matrikkelen bygd opp av polygon som må lukkast for å kunne innehalde informasjonen som er i matrikkelen. Ei hjelpeline er eit hjelpemiddel for å lukke eit polygon der ikkje alle grensene er av den kvaliteten som kvalifiserer til å vere ei grense i matrikkelen. Som ovanfor, trekker Kartverket inn fleire områder det er naturleg å nytte hjelpeliner for å få dette til å vere i orden. Sjø er ein av desse. Ein ser ofte også at ein avgrensar mellom sjø og land med hjelpeliner, gjerne i kystkonturen. Dette seier meg og gjerne fleire at det ikkje er grenser som er godt skildra i matrikkelen.

I fyrstninga av dette arbeidet, vart det henta nokre skjermdumpar frå norgeskart, av to område der det grensar i sjø. Ein såg tydeleg at det ikkje gjekk grenser ut i sjø, og at det heile låg som areal som hadde manglande informasjon om seg. Slik som i Frognerkilen, som det eine kartet synte, vil ein tru at det er klarlagt kven som eig.

[3.6 juridisk føring av eigedomsgrenser, føringsinstruks frå Kartverket](#)

Kartverket har ein føringsinstruks som ein skal nytte for føring av matrikkelen. Denne instruksjonen er ei rettesnor for kommunane, og har som mål å gjere matriklane like rundt om i Noreg, samstundes som den gjev ein peikepinne på kva lovverket seier om matrikkelføring.

Om ein ser på området kring føring av grenser i vatn og vasskant under punkt 4.6.7 i versjon 4.0 av Føringsinstruks for matrikkelen, kan ein sjå at ein har ei teknisk tilnærming til føring. Matrikkelen er bygd opp av teigflater, som av den grunn må lukkast. Det kjem også fram at ein då teknisk kan lukke teigflatene med hjelpeliner.

Ein viktig skildring ser ein vidare under temaet «vann- eller landareal». Her kjem det fram at matrikkelen ikkje skil mellom areal på land eller i vatn. Det er fleire døme der dette er tema, då ein eigedom kan strekke seg over både land og vatn, berre land eller berre vatn. Ein har fleire tekniske tilnærmingar på korleis ein kan føre slike.

Det kjem fram at kommunane sin praksis kan variere når det kjem til føring av grenser i vatn og vasskant. Denne praksisen har då noko spelerom over korleis ein kan gjere det, og dette opnar for at kommunane gjer det på ulike måtar.

Føringsinstruksen er tydeleg på at ein må vere medviten om det er verkelege eigedomsgrenser ein fører, eller om det er hjelpeliner. Hjelpeliner skal berre nyttast når grensa ikkje er skildra eller er vanskeleg tilgjengeleg for registrering. Instruksen trekk fram marbakke, djupål, eller det er på anna vis uråd kva avgrensing eigedomen har. Av den grunn kan ein ikkje føre reelle eigedomsgrenser som avgrensing for eigedomen, og hjelpeliner vert løysinga.

Vidare om hjelpeliner og skilnaden på hjelpeliner, gjer også Kartverket i ein presentasjon det gjeldande at hjelpeliner, altså fiktive liner berre er registrerte manglar og ikkje eigedomsgrenser (Kartverket v/ Carl-Fredrik Hilland, 2016).

3.7 Korleis har eigedomsgrensene i sjø vore tidlegare

Dagens situasjon er eit resultat av informasjon frå tidlegare har vorte lagt inn i kart, digitalisert og ulike stønadsordnignar opp gjennom tidene. For at du som lesar skal klare å sjå kvifor den informasjonen ein ser i dag er som han er, og få innblikk i problemstillinga, vil ein vidare gå gjennom noko historie om korleis det har vore.

Sjøgrenser har lenge vore eit tema, og ein har dei kjende utrykka «ein eig så langt ein hest kan vasse» eller til «marbakken» som gjerne flyt rundt på folkemunne. Det er noko med dette, og dei seier jo noko om kor langt ein gjerne eig ut i sjøen, men ikkje så mykje om kor grensene går i matrikkelen.

Ei utvikling som lenge har vore, er at eigedomar ligg i hopehav, og vert skifta litt etter litt. Ein hadde gjerne rettar på ulike stadar, men desse var gjerne fletta saman i ein type eigedomsstruktur. Denne strukturen har ein gjennom 1800-talet byrja å gå meir og meir vekk frå, og klyngetuna fekk seint 1800 til tidleg 1900 påskot for å verte oppløyse. Bruka vart flytte rundt om på gardane, og ein fekk meir og meir eineåtte teigar. Den kløyvde

eigedomsretten som vi har i Noreg gjekk ein noko vekk frå, og prøvde å ha meir areal som var til det ein ofte kallar for full eigedomsrett.

Ein byrja å skifte dei mest ressursrike areala, som innmark og heimeinnmark. Areal som fjellareal og utmark var gjerne i fellesskap som på Vestlandet er kjend som i hopehav. Eit vanleg gardsbruk på Vestlandet har gjerne fjorden i botnen, innmark og tun og vidare heimeutmark og utmark med støylen over det. Over støylen har ein fjell som ofte er felles beiterett i. Langs fjorden vart arealet ofte skifta, men ein ser veldig mange døme der strandretten og andre rettar kring eigedomane til sjø ligg i hopehav. Dette gjer ofte til at ein har avgrensa eigedomsretten etter bruket som eig landet over stranda, og gjerne i hopehav med dei rettane som ligg.

Det som er utfordrande og gjer alt så komplekst, er at det ikkje er så mykje levande informasjon om desse tematikkane. Matrikkelen er veldig skral på desse områda, og skildrar veldig få eigedomsgrenser i sjø, og rettar kring desse. Utskiftingane frå rundt 1900-talet er vanskelege å få tak i, og det krev mykje å få tak i ein slik utskifting, for vidare få den avskriven og tolka med notidas språk og sjargong, for ein vanleg grunneigar. Ofte når dette også vert teke tak i, er det gjerne på grunnlag av ei konflikt som har gjort seg gjeldande. Dette gjer informasjonen utfordrande å finne, samstundes som det ikkje alltid er like nøytrale auge som ser på informasjonen.

Den kunnskapen ein har på folkemunne og som har gått frå far til son i fleire generasjonar er på veg til å forsvinne, då resursane ikkje vert nytta på same måte som før. Ein lever ikkje like tett på naturen og bruka som ein hadde før, og det er færre og færre som driv med aktivt landbruk. Stille forsvinn lokalkunnskapen om kvar ein eig, kva som har vore gjort tidlegare og ein er avhengig av gode kjelder for vidare å kunne nytte eigedomen optimalt. Dette er gjengs på land, men er også like aktuelt for eigedomar som eig i sjø eller har rettar.

3.8 Nokre prinsipp kring eigedomsgrenser i sjø

Eigedomsgrenser i sjø er eit tema som stadig kjem opp i dagen, og utfordrar jussen på kva som er rett. Eit godt arbeid som ein finn tilgjengeleg for alle på internett er ein rapport utarbeida av Erik Neergård frå UMB i 2007. (Neergård, 2007). Rapporten som vert referert

til her, er ei utgåve av ein gamal rapport som vart gjeven ut i 1985. Gjennom denne rapporten vert ein gjeven ei forklaring på dette temaet kring eigedomsgrenser i sjø, og korleis dei ulike prinsippa fungerer og let seg stå gjeldande. Eit sentralt moment som gjer seg gjeldande, og som er eit av momenta eg sit att med etter å ha lese denne; er at det er ingen tydelege retningslinjer å følgje når det kjem til eigedomsgrenser i sjø. Det er mykje rettspraksis, men det verkar som heile spekteret av utfall har vorte gjeldande.

Det lovmessige, er det på ein måte slik som det er på land; ein kan setje grensa der ein vil. I sjø verkar det som det ikkje har vore eit stort fokus på å avtale eigedomsgrenser, og at stiftingsdokument ikkje ber preg av fokus kring eigarskapen i sjø. Neergård trekker også inn at det ikkje går an å merke eigedomsgrensene i sjø på nokon god måte, og dei kan då seinare kome i konflikt med andre grenser, då ein ikkje har så god kontroll på grensene som på land.


Eit moment som også Neergård kommenterer og trekkjer inn, er omfanget av bruken til partane. På land har ein gjerde, hagar, murar og bruk som tilseier korleis ein har nytta og avgrensa eigedomen. I sjø er det ikkje like lett å nytte seg av arealet, og eit båtfeste til dømes kan flytte seg mykje, og det har ikkje lang levetid.

Eit moment som eg sjølv kjenner på, er at bruken av eit sjøareal ikkje har vore lik landareal. I sjø har ein vorte avgrensa av naturen og kreftene som følger med. Ein måtte nytte dei naturlege vikane og mindre vêrutsette areala, tettare enn på land. På land har ein hatt sterkare tradisjon for å bruke eiga tomt, og ein har gjerne vore meir oppteken og medviten om kvar grensa er. Sjøen har vore ei trafikkåre, og ein har gjerne kjent på meir ålmenn eigarskap over denne resursen som ei god hamn har bidrege med.


Dei ulike prinsippa som Neergård trekkjer inn, handlar om tekniske måtar å konstruere grenser på. Ei teknisk grense kan gje ulike grenser utifrå korleis tilhøva i sjøen og området er. Ein kan ha pollar, langgrunne, brådjupne og kombinasjonar. Lange nes med bratte fjellhyller og berg som går utover i sjø, og mykje ulike og unike måtar som gjer det utfordrande å lage generelle prinsipp.

Under, ser ein eit utklipp av dei ulike prinsippa som vert trekt fram i rapporten. Her handlar det om å få eit oversyn over korleis ein kan avtale det eller verte einige. Neergård tek også til orde for å få fram at det kan vere urett for eine parten å nytte eit prinsipp som kan gje uheldige og unaturlege grenser. Han trekkjer t.d. fram at det kan vere langgrunt, og om ein fylgjer eigedomsgrensene på land, kan dette avskjere nokon av partane. Då kjem ein inn på sjørretten og dei generelle reglande som er gjeldande der.


For meir informasjon og fyldigare innblikk vil eg råde deg til å studere Neergård sitt arbeid vidare.




Figur 1. Rettlinjet forlengelse av grensene på land.



Figur 2. Rettlinjet forlengelse av grensene på land kombinert med et midtlinjeprinsipp.



Figur 3. Rettlinja grenser som møtes ute i sjøen. Eiendommen A er eldst.



Figur 4. Rettlinja grenser som møtes ute i sjøen hvor grensa videre trekkes ved en vinkelhalvering.

3.9 Generelt om mellomgrenser i sjø, statistikk frå kommunane

Eit anna arbeid som er gjort som kan speglast i denne samanheng, er doktorgraden som Einar A. Hegstad gjennomførte i 2003. Her har ein på side 337 sett på «Hvorvidt kommunene beskriver mellomgrenser utover i sjø ved kart- og delingsforretninger» (Hegstad, 2003).

For å sjå på korleis to kommunar handsmarar grenser i sjø, er det relevant å sjå på i kva omfang kommunar attende til 2003 handterte mellomgrenser. Det er noko avgrensa i kva problemstillinga for denne oppgåva er, men ein får samstundes ein god peikepinn på korleis kommunar har sett på det.

Hegstad summerer opp figuren som ein finn ved å sjå nærare på denne doktorgraden. Hegstad kjem fram til at det er ulik praksis i dei ulike kommunane. Om lag halvparten uttrykkjer at dei «alltid», «ofte» eller «ganske ofte» skildrar mellomgrenser utover i sjø ved kart- og delingsforretningar. Medan den andre halvparten har ei annan tilnærming; «av og til», «sjeldan» eller aldri».

3.10 NOU av 1988 nr 16

Eit relevant arbeid er ein NOU frå 1988 nummer 6, som handlar om eigedomsgrenser og administrative inndelingsgrenser. For at ein skal gjere greie for korleis grensene er i dag, er det viktig at ein ser kva arbeid som ligg føre, og korleis desse er brukte.

Denne NOU-en handlar om eigedomsgrenser, og den tek spesielt føre seg eigedomsgrenser i sjø. Den omtalar i starten historisk om korleis det har vore, og legg fram utviklinga om korleis ulike eigedomar er stifta, og kva lover og reglar som var styrande på dette tidspunktet.

På side 24 i denne NOU-en finn vi eit avsnitt som er merka under 3.4.2 Grannegrenser i sjø. Her kjem det fram at « Reglane for grannegrenser i sjø er ikkje lovfesta.» (Sivilboklovutvalet, 1988). Allereie her får ein informasjon om at det ikkje er noko juridisk som seier at det skal vere slik eller slik. Det er vidare trekt inn to ulike løysingar som er hevda. Dette er på eine

sida at grensa skal trekkjast vinkelrett ut frå strandlina. Ein har også rettspraksis der grensa på land har vorte forlenga ut i sjø.

Begge desse, kan føre med seg uheldige resultat (Sivilboklovutvalet, 1988). Vidare så trekkjer NOU-en fram at det er eit rettsprinsipp som har vorte ståande, og det byggjer på vassdragslova § 4, som eigentleg er meint for vassdrag, men her nytta i sjø. Midtline mellom eigedomane, som gjer at ein eig det landet som er nærast eigedomen sin og omvendt.

Reglane for eigedomsgrenser i sjø er ikkje lovfesta, og det vil seie at ein har ikkje nokre reglar om korleis det er. Det som er berande er at eigedomsgrenser i sjø er privatrettsleg, og det er det som er avtala som gjeld. Om noko ikkje er avtala, må ein sjå i kvart einskilde døme korleis det er.

NOU-en som vart gjeve ut, har fått mykje godt omdøme og er ofte nemnd i fagmiljøet som eg har vore ein del av hittil i karriere. Når ein prøver å sjå kva som har skjedd med dette arbeidet, kan ein ikkje finne noko som kjem som resultat av denne NOU-en. Det kan verke som om den er lagt i ei skuffe, og ikkje nytta vidare. Dette kan ha fleire kjelder, og er på eit vis noko som vert ståande uklårt vidare.

3.11 Lov om vassdraga og matrikkelen

Lov om vassdragene, også kjend som vassdragslova, er ei lov som har lite informasjon att, etter at fleire paragrafar vart tekne vekk for å verte lagt til vannressurslov 24 november 2000 nr 82. Ein har framleis §§ 2-6 i vassdragslova som omhandlar nokre tilnærmingar på korleis skiljet, altså grensa går mellom ulike eigedomar.

Ein finn også i § 5 i vassdragslova informasjon om korleis ein kan merke og måle inn grenser i sjø. Det kjem også uttrykkeleg fram at ein kan krevje grensa i vassdrag fastslått med bindande verknad og oppmålt.

I eit notat frå Kartverket som er av Arnulf Haugland, som er ein del av rapporten etter «Håndbok for retting av matrikkelen» frå Gran kommune, (Haugland, Grenser i sjø og vassdrag, 2014) er Haugland innom fleire moment om grenser i sjø og vassdrag. Dei juridiske

prinsippa som er i vassdragslova vert omtalt, og kommentert. Det vert trekt fram at vassdragslova er deklarasjonslova, og kan fråvikast med avtale eller anna lovverk. Dette, slik eg tolkar Haugland, kompliserer strukturen på grenser i sjø og vassdraga.

Haugland trekkjer inn matrikkellova, om at ein ikkje skil mellom eigedomar på land og i sjø, og som eit register som skal ha god kvalitet, er det då mykje manglar og område som er dårleg opplyst. Matrikkelen skal som kjend vere eit «ensartet og pålitelig registert» (Haugland, Grenser i sjø og vassdrag , 2014). Grenser i sjø og i vassdrag har ikkje vorte fokuserte på og nedprioritert tidlegare, og Haugland trekkjer i si oppsummering inn at den informasjonen som ligg i matrikkelen i dag, er missvisande i forhold til korleis grenser faktisk går.

3.12 Forvaltingslova og plikt om rettleiing

Forvaltingslova er lova som dannar grunnlaget for korleis kommunen som ein del av forvaltninga skal handsame saker, og kva rettar brukarane har. For å få eit innsyn i korleis det er i Kinn og Bremanger, vil det vere naturleg å sjå nærare på denne lova, og spesielt plikta om rettleiing.

Kommunen som forvaltning skal rettleie brukarar av forvaltninga. Korleis kommunane ser på denne rettleiingsplikta, er truleg ulik, og kvar ulik landmålar har gjerne eit eige unikt forhold til kva dei rettleier og korleis dei gjer dette. Ulik kompetanse og erfaring er moglege faktorar for at rettleiinga er ulik.

Grunnen for at ein har aktivt teke med om rettleiingsplikta, er for å sjå om landmålarar tenkjer at dei har rettleiingsplikt overfor vassdragslova, og opplyse brukarane om kva rettar dei har. Dette er med i problemstillinga der ein skal sjå på korleis Kinn og Bremanger handsamar eigedomsgrenser i sjø.

Forvaltingslova er den lova som kommunane som ein del av forvaltninga må halde seg innanfor. Ein har § 11 i forvaltingslova som omhandlar rettleiingsplikta. Der kjem det fram av fyrste ledd fyrste punktum at «forvaltningorganene har innenfor sitt saksområde en alminnelig veiledningsplikt.» Denne plikta er også omtalt i forvaltningslovforskriften under

kapittel 2 der ein ser i § 2 at forvaltningsorganet kan gje munnleg eller skriftleg rettleiing. Ynsket og trongen til den som skal få rettleiing skal leggjast vekt på.

Trongen for rettleiing er det forvaltningsorganet som sjølv skal syte for, og ein legg til grunn ei generell rettleiing. Denne plikta omfattar ikkje det å take stilling til enkeltsaker og rettsspørsmål i konkrete saker. (Arntzen, 2021)

Det er også viktig at ein skil mellom rettleiing og rådgjeving. For at ein landmålar skal vere ein del av forvaltninga, altså kommunen, må han opptre nøytralt, og har sitt skjøn i å måle inn grenser der det er semje. Kommunen kan rettleie i kva som er rettane og i noko grad teori, men er på ingen måte ein rådgjevande funksjon på eigedomsgrenser, som er privatrettsleg mellom partar.

Eit anna moment som også er gjeldande innan landmåling som forvaltning, er den nye autorisasjonsordninga for eigedomslandmålarar, som i noko tid har vore ein diskusjon. Det vert frå fyrste januar 2024 krav om ein landmålar som er autorisert og har gått gjennom ein prosess der ein enten har ei overgangsordning eller utdanning og vidare ein eksamen. Når ein er autorisert landmålar er ein trygg på at landmålarar har den kunnskapen og røynsla dei treng for å gjere ein god jobb. Dette er på eit vis ei kvalitetsheving av brukarar av matrikkelen, og slik det ser ut til er målet å få ei kvalitetsheving og ei meir einsarta type føring av matrikkelen.

3.13 Masterplan matrikkel

Masterplan matrikkel er eit treåring prosjekt der ein skal ha fokus på korleis matrikkelen kan verte eit robust og moderne register. Dette arbeidet er tufta på ei bestilling frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet i 2019, og instruksen var; «auke kvaliteten på matrikkelen og sikre at denne holder et forsvarlig teknologisk nivå og kommuniserer godt som nasjonalt felleskomponent» (Kartverket, 2021).

Berre i seg sjølv ved at eit slikt prosjekt vert sett til verda, tyder det på at matrikkelen er eit område som ein tenkjer bør ha meir fokus i framtida. Temaet er også veldig tydeleg at

matrikkelen er naudsynt i samfunnet, og at ein treng denne kvaliteten som ein legg til gjennom lovgjevar.

Det var lite informasjon å finne vidare om dette prosjektet, men det held framleis på, og ved ein slutning av prosjektet vil dette truleg vere noko som kan belyse matrikkelen og kva områder som kan satsast på vidare.

3.15 Oppsummering av teori

Ein ser gjennom den teoretiske føringa av eigedomsgrenser i sjø i matrikkelen at det ikkje er store utfordringane for det tekniske eller det juridiske. Ein kan i korte trekk få fram at eigedomsgrenser er privatrettsleg og vert stifta mellom avtale, og at kommunen sin plass i dette er å måle inn det som vert avtalt mellom partane. Gjennom tidlegare tider har eigedomsgrenser i sjø vore noko som sjeldan har vorte omtala då eigedomar vart stifta. Dette gjer at det er lite som er avtalt.

Då ein ikkje har merka og målt inn grenser i sjø, så har ein ikkje opparbeida seg ein bruk som tilseier at ein har tydelege tankar om eigarskap. Det er også ulike prinsipp som kan avtalast mellom partane, men dei må avtalast eller bestemast på andre områder.

4. Empiri

4.1 Kapitteloversikt

Kapittelet om empiri handlar om den informasjonen som har kome inn gjennom metodebruken som er gjennomført. Empiri kjem frå det greske ordet *empeiros*, som igjen tyder «noko som er opplevd eller erfart» (Malt & Tranøy, 2021)

Empirien som er komen inn er frå tre landmålarar som alle fører eigedomsdelen av matrikkelen. Dette er på eit vis den eine handa av oppgåva, samstundes som ein har henta nokre stadar frå begge kommunane Kinn og Bremanger for å sjå korleis det er i matrikkelen i dag. Dette vert det første området i empiri, før ein går vidare til arbeidet som er henta inn frå landmålarane.

4.2 Dagens situasjon – nokre døme frå matrikkelen

For å få innsyn i korleis det faktiske grunnlaget i matrikkelen i Kinn og Bremanger er i dag, vil det vere naturleg å sjå på nokre områder som tek føre seg temaet. Gjennom å gå langs strandsona i matrikkelen, har ein funne nokre område som skal skildre dei ulike metodane som er nytta. Det er i noko grad tilfeldig utplukka, og ein ynskjer å syne breidda på korleis det er i matrikkelen i dag.

Ein plass som eg er godt kjend, og som har vorte omtalt her tidlegare, er eigedomen som familien eig på ei øy utanfor Florø, som heiter Askrova. Kvamsholmen eller «Kvamsholmane» som eigedomen heiter, er omkrinsa av sjø på alle kantar. Her er eit utklipp frå matrikkelen som er mellom sjølva Askrova på høgre sida av bilde og ein holme som høyrer til eigedomen vår som ligg på venstre sida av bildet.



Figur 4 Oversiktskart over liner i matrikkelen mellom to ulike eiedomar.

Her ser vi eit oversyn over dei grensene som ligg i matrikkelen, og som er dei som går i sjøen for desse eiedomane. Den blå lina som ligg til venstre på biletet, altså vest, har denne informasjonen lagt inn i matrikkelen: Det som kjem fram her, er at det er ei hjelpeline som er generert frå vannkant, det ein på folkemunne kallar ei hjelpeline vatn, eller vasskontur. Her har ein konstruert ei line som går der sjøen og landet møtast, for vidare å legge inn denne lina med kvalitet som ei hjelpeline. Dette avgrensar då eiedomen etter ei praktisk tilnærming, slik at ein kan registrere eit polygon som ikkje sklir ut.

Vis egenskaper - p:\kinn\web_kartbaser\qms\matri... X

▼ ↗ 📍

Teiggrense

Navn	Verdi [beskrivelse]
OMTVISTET	NEI
FØLGER_TERRENGDET	ITD [Ikke terrengdetalj]
HJELPELINJETYPE	VA [Vannkant]
KVALITET	
MÅLEMETODE	20 [Stereoinstrument]
NØYAKTIGHET	36
DATAFANGSTDATO	21.06.1986
GRENSE-ID	67614602
KVALITET	
beskrivelse av kvaliteten på stedfestingen	

OK Hjelp

Den grå stipla lina med grønne punkt har denne informasjonen som ein kan sjå objektdialogboksen av. Denne lina er fiktiv av type, og er av den grunn berre eit teknisk hjelpemiddel for å lukke eit polygon.

Vis egenskaper - p:\kinn\web_kartbaser\qms\matri... X

▼ ↕ 📁

Teiggrense	
Navn	Verdi [beskrivelse]
OMTVISTET	NEI
FØLGER_TERRENGDET	ITD [Ikke terrengdetalj]
HJELPELINJETYPE	FI [Fiktiv]
GRENSE-ID	6373909491

Teiggrense

OK Hjelp

Den siste grensa som ligg på dette skjermdumpen er lilla av farge, og har denne informasjonen lagt inn. Dette ligg som ein teigdelar av type, og er også ei hjelpeline av kvalitet.


Vis egenskaper - p:\kinn\web_kartbaser\qms\matri... X

▼ ↕ 📁

Teiggrense	
Navn	Verdi [beskrivelse]
OMTVISTET	NEI
FØLGER_TERRENGDET	ITD [Ikke terrengdetalj]
HJELPELINJETYPE	TD [Teigdelar]
▾ KVALITET	
MÅLEMETODE	20 [Stereoinstrument]
NØYAKTIGHET	36
DATAFANGSTDATO	21.06.1986
GRENSE-ID	67614495


Teiggrense

OK Hjelp




Figur 5 Skjermdump av grense med hjelpeline langs sjø, og eigedomsgrenser mot sjø. Til vest ser ein grenseline langs sjø, men ikkje ut i sjø.

På biletet over ser vi ein bustadeigedom, med eigedomsgrenser som skilje mellom eigedomane, men i front for g-bnr. 26/344, er det vasskontur som avgrensar mot sjø. Heilt vest i biletet, ser ein at naboeigedomen er avgrensa mot sjø via same kvalitet som eigedomsgrensa som er i skiljet mellom eigedomane ned mot sjøen.



Figur 6 Ein setnrumseigedom der det er grenser i sjø, av 10 cm og 13 cm kvalitet. Denne eigedomsgrensa går utanfor det regulerte området, og har vorte etablert i tråd med byggesak som er pågåande.

Biletet over viser Trovikbygget i Flørø sentrum. Her er det eigedomsgrenser kring heile tomta, og det er god kvalitet, som den lysegrøne og mørkegrøne fargen i matrikkelkartet syner. Eigedomsgrensene går også utanfor regulert område, mot sjøen. Det grønstripete området er omrissa av nytt bygg som er godkjend og gjeve rammeløyve på. Det er ingen informasjon i matrikkelen om kven som eig nord, altså lengre ut i sjøen, og heller ikkje på sidene av eigedomen, der eigedomsgrensene er i sjø.



Figur 7 Syner ei tomt som har hjelpeliner som går langt ut i sjø, men er delt inn som eige polygon.

Over ser ein ei tomt som er utskild frå reguleringsplan, og har to teigar. Ein teig som er med grøne eigedomsgrenser på land, og som er avgrensa av teigdelar, som er den lilla stipla grensa. Dette er som tidlegare, ei hjelpeline av definisjon. Denne skil eigedomen i to, og det er same eigar på kvar side. Frå flomon og rett ut til punkt som samstemmer med

reguleringsplanen, går det ei grå hjelpeline som avgrensar eigedomen. Her er altså eigedomen som går i sjø, berre avgrensa av hjelpeliner.



Figur 8 Syner nylege fråskilde tomter som er skild ut etter reguleringsplan. Yttergrensene mot nord er yttergrenser på reguleringsplan.

Noko lengre inne i same område som tidlegare døme, har vi også ei frådeling etter reguleringsplan. Dette var ei frådeling som ikkje er så gamal. Her har ein også terrengdetaljar som avgrensar land frå sjø, og ein har eigedomsgrenser som vert yttergrensene for eigedomen. Ein har også eigedomsgrenser som skil mellom teigane som er i sjø.



Figur 9 Syner ei strand der hjelpeline med vasskant er lagt inn som linetype. Ein ser også ei naustomt/buatomt vest i biletet, og der er det avgrensa med eigedomsgrenser på alle sider. Denne går noko ut i sjø, men fylgjer i det store land.

Hjelpeline vasskant er langs stranda, medan ei buatomt har eigedomsgrenser som avgrensar mot sjø. Kven eig framfor bua? Dette kan ein ikkje finne informasjon om i matrikkelen.



Figur 10 Syner ei gamal nausttomt som ligg ved ei gamal steinkai. Det er eigedomsgrenser kring, som sluttar i hjelpeline vasskontur.

Ovanfor er det ei strandtomt som er utskild til ein landbrukseigedom, for lang tid attende. Her er det eigedomsgrenser mellom eigedomane på land, medan det er hjelpeline som er avgrensing mot sjø langs heile strandsona. Eigedomsgrensene går til dei møter hjelpelina.

4.3 Innkommen informasjon

Gjennom intervju med landmålarar har det kome inn mykje informasjon. Denne informasjonen skapar vidare informasjon til deg som lesar korleis dei opplever temaet, og kva dei har gjeve som attendemelding på spørsmåla og tema som var oppe i intervjuet.

Eg vil gjeve att dei momenta som vart trekte fram i intervjuet, og gje deg som lesar ei kjensle av forståing for kva som kom fram. For å gjere det lettare for meg, og for deg som lesar, har ein gjeve dei ulike respondentane eit merke. Ein har vidare gjeve dei ulike respondentane ulike litera A, B og C for å gjere lesar merksam på samanhengar mellom dei ulike landmålarane og ytringane dei har kome med.

I det ein opna samtalen, vart spørsmålet om tankar om temaet føring av eigedomsgrenser i sjø. Respondent A meiner dette er komplisert, og ytrar frustrasjon for at det er ulike retningsliner om korleis ein skal tolke og forstå lovverket. A opplever temaet som rotete, og

lite tydeleg. Liker heller grenser på land, og spesielt at ein kan merke grensene på ein heilt annan måte.

Respondent B er på si side tydeleg på at dette er eit område respondenten prøver å unngå. B ser negativt på området, og seier at «Det er ofte konflikt, og skapar unødvendige situasjonar og konflikhtar».

Respondent C derimot, meiner at «føring av eigedomsgrenser i sjø er kjekt». Respondenten trekkjer fram at det er mykje ulike måtar å gjere det på, og ein må sjå kvar enkelt sak som unik og dette gjer arbeidet og området spennande.

I neste område som respondentane vart utfordra på, var om ein ofte hadde slike saker. Det vart vidare spurd i neste spørsmål om kvifor ein trur det er slik.

A var tydeleg på at respondenten ikkje var innom slike saker ofte. Kvifor det er slik, meiner A kan vere fordi respondenten prøver å unngå slike saker, då slike saker er utfordrande. Kunden er heller ikkje så opptekne av det, og når grunneigar ikkje har fokus på det, treng ikkje kommunen å komplisere det meir enn naudsynt. A meiner også at det er ofte ved fortetting det kan vere problem, og då er det gjerne litt lengre prosessar som reguleringar osv. som gjer at dette temaet vert «løyst» på tidlegare stadium enn under frådelling.

Respondent B er ikkje ofte innom slike saker, men det hender. Kvifor det er slik, trur B handlar om at det er landareala som er viktigaste for grunneigarane, og sjø er avgrensa kva ein kan gjere med. Det kan verke nyttelaust å arbeide med grenser i sjø når ein har dårleg kvalitet på grenser på land. Respondent B trekkjer også inn ressursar, der ein må prioritere det som er viktigast, og om ikkje det vert problematisert av kunden, er dette ikkje noko ein treng å nytte mykje energi på.

Respondent C har vore innom slike saker før og ser at det kjem fleire saker inn der dette er tema i framtida. C trur kanskje kring 30% av alle saker C har også gjeld eigedomsgrenser i sjø. Respondent C trur dette er fordi sakene C har ofte er på øyane og i område der sjø er viktig. C trekkjer ikkje inn dette temaet med mindre partane ynskjer det. Om C hadde teke dette

med utan spørsmål frå partane, hadde det nok vore fleire saker der eigedomsgrenser i sjø vart handsama.

Når temaet om informasjonen kring eigedomsgrenser i sjø vart snakka om, kom respondent A med attendemelding om at det går heilt fint å føre i sjølve matrikkelen, men er ofte usikker på kvar ein skal finne kunnskap, og korleis ein skal tolke den informasjonen ein finn.

Respondent B er litt usikker på kor B skal finne informasjon, då B ikkje så veldig ofte er innom dette temaet. B meiner at det er utfordrande å finne dei juridiske føringane for temaet, men det er ikkje noko utfordring å finne informasjon om korleis ein teknisk skal føre.

Respondent C meiner at det ikkje er mykje informasjon å finne på området, men det er erfaring som er grunnen for at ein klarer å gjennomføre eit godt arbeid på dette området.

Neste tema var korleis dei ulike landmålarane tenkjer angående meir eller mindre fokus på dette området kring føring av eigedomsgrenser i sjø.

Respondent A meiner at det nok er utfordrande for styresmaktene å gjere noko med det, men det bør vere eit fokusområde meir enn det har vore. Kommunane rundt om bør også ha meir fokus på det, og nytte sitt skjønn og ha gode prosessar for å få mindre arbeid på området i framtida. Eit konkret område som A trekk inn er å ha landmålarar inn i arbeidet med reguleringsplanar for å sikre betre og lettare eigedomsgrenser generelt og i sjø.

Respondent B meiner det bør vere noko meir fokus på området, men det må ikkje komme i staden for grenser som er på land. B meiner ein bør sjå på korleis ein generelt skal gjere det og tydeleggjere alle grunneigarar om korleis det er.

Respondent C meiner at dette er eit område som fungerer fint i dag, og ikkje skal pressast inn på partar som ikkje har noko formeining om dette området. C meiner at grenser i sjø er mindre viktige enn grenser på land, og at ein ikkje skal tenkje på alt sjøareal og få grenser, men i område der det er utvikling som gjerne industri og anna. C trekkjer også inn at ein

ikkje tek gebyr for grenser i sjø når det er oppmålingsforretning, og trur at ved kjennskap til dette vil fleire truleg ynskje grensene klarlagde.

I spørsmålet om rettleiingsplikta til kommunen, spesielt ovanfor § 5 i vassdragslova, var respondent A tydeleg og svara «eg har ikkje høyrte om dette tidlegare. Det viktigaste er å få folk einige slik at ein slepp stridar og usikre grenser for ettertida».

Respondent B har ikkje hatt noko kjennskap til dette, og er ikkje noko ein har hatt fokus på tidlegare.

Respondent C har ikkje hatt kjennskap til rettleiingsplikta eller vassdragslova, men er tydeleg på at ein gjer det folk bed ein om å gjennomføre forretning over.

Når det kom til spørsmålet kring korleis dei ulike landmålarane trur utviklinga vil skje framover, var respondent A tydeleg på at viktigheitene av å registrere eigedomsgrenser i sjø, aukar. Det vert på eit vis mindre strandsone og dei som er vert meir ettertrakta.

Nytteverdien går opp i tråd med utviklinga av nye metodar og materialar. A meiner også at høgare verdi er synonymt med meir konflikt.

Respondent B trur det vil fortsette slik det har vore ei god stund framover, og at det har med verdiar i sjø og gjere. B trekkjer inn at det området kring eigedomsgrenser i sjø vert lagt inn i arbeidet med reguleringar og planar.

Respondent C meiner det vil verte meir fokus på området framover, då det vert viktigare og viktigare å få klarlagd grensene i sjø. Ansvarer meiner C ligg her hjå kommunen, og at ein må forbetre seg i arbeidet kring oppmålingsforretningar og få eigedomsgrensene i sjø utbetra saman med grenser på land. C trur eigedomsgrenser i sjø vil vere meir tema i reguleringsplanarbeidet framover.

Det siste området som vart satt fokus på i intervjuet, var det faglege om landmålarane kjenner seg trygge kring føring av eigedomsgrenser i sjø.

Respondent A kjenner seg ikkje super-trygg, men opplever det som tilstrekkelig. A ynskjer å få meir kontroll på det juridiske, og at det vert meir fokus på eigedomsgrenser i sjø på fleire felt.

Respondent B kjenner seg trygg, og at det gjerne er lette saker når det er eigedomsgrenser i sjø som skal handsamast. Ofte er kommunen aktive i arbeidet med å utforme grenseforløp i sjø, for grunneigarane. B trur dei fleste som eig i sjø har ei formeining om kvar dei eig, og av den grunn vert kommunen si oppgåve å leggje dette inn. Då er det berre det tekniske kommunen hjelper med, noko som ikkje er noko utfordring meiner B.

Respondent C kjenner seg fagleg trygg og har mange saker der ein har gjennomført oppmålingsforretningar der ein har ikkje hatt utfordringar når det kjem til grenser i sjø.

5. Drøftingar

5.1 innhald og kapitteloversikt

Drøftingskapittelet tek føre seg dei tidlegare kapitla, då spesielt empiri- og teorikapitla. Desse drøftingane kjem til å verte eit resultat av all data som er komen inn gjennom sjølve intervjuet, knytt opp mot teorien som er gått gjennom tidlegare.

Ein har lagt opp til ulike drøftingar innan kvar delproblemstilling, slik at ein kan halde ei oversikt over kvart tema. I etterkant av kvar einskilde delproblemstilling, er det ei samanfattande drøfting, som set alle delproblemstillingane opp til hovudproblemstillinga.

5.2 Korleis er eigedomsgrensene i sjø ført i Kinn og Bremanger

Gjennom samtalar med landmålarar i Kinn og Bremanger kommune og å sjå på kjelder på området, har ein fått ei oversikt over korleis stoda er når det kjem til eigedomsgrenser i sjø i Kinn og Bremanger kommune.

Ved å sjå på ulike område i Kinn og Bremanger, fann ein ulike måtar der eigedomsgrenser vart avgrensa mot og i sjø. Ein gjentakande faktor var hjelpeliner. Hjelpeliner i form av vasskontur eller terrengdetaljar som hjelpelina fylgjer.

Når ein såg på dei ulike områda som er tekne ut og forklart, ser ein at det er ulike måtar som er nytta. Dei fleste er som tidlegare hjelpeliner både utover i sjø, samt avgrensing langs strandsona. Nokre av eigedomane hadde avgrensa med eigedomsgrenser mot sjø, men det var ikkje klarlagt noko om eigedomstilhøva i sjøen utanfor eigedomsgrensene.

Dei ulike områda som vart sett på, vart det nytta ulike prinsipp for å konstruere grenser eller hjelpeliner i sjø. I det fyrste dømet, frå Askrova, har ein konstruert ei line som ligg gjennomsnittleg mellom vasskontur, altså den avgrensinga mot sjø. Her har då begge sider fått i gjennomsnitt like mykje sjøareal, og lina har vorte med nokre punkt for å få ei praktisk line. Denne er ikkje målt på noko vis, men berre lagt inn på kartet.

Denne grensa vart lagt inn som ei hjelpeline i matrikkelen, men forklart for grunneigarane er det eigedomsgrensa. Det er ei opplevd eigedomsgrense kring grunneigarane, og familien min

som grunneigarar, har sidan lagt denne til grunn for kvar grensa går. Prinsippet i denne saka vart presentert for alle partane under oppmålingsforretning, og det vart ikkje lagt vekt på noko utfordring med val av prinsipp. Grensa følgjer etter sundet reguleringsplanen som også regulerer sjøareala.

I industriområda var det både eigedomsgrenser og hjelpeliner i sjø, der ein såg at det var avgrensing mellom sjøteigen og landteigen med hjelpeline vasskontur. Det var også avgrensing mellom sjøteig og landteig når det var eigedomsgrenser kring. I kontakt med landmålarane kom det fram at det var berre arealet på land som vart grunnlaget for utrekning av gebyr for oppmåling. Då ein måtte ha ei avgrensing på korleis dette vart gjort, har ein avgrensa med hjelpeline for å unngå å få eit samla areal på både sjø og land.

Noko som også kom fram, var at eigedomsskatten berre vert utrekna av arealet på land, og sjøarealet ikkje vert skattlagd. Då er det praktisk at eigedomar ligg inne med separerte teigar og at avgrensinga mot sjø ikkje vert teken med.

Slik empirien legg det fram, er det lite av sjøarealet i Kinn og Bremanger som er oppmålt med eigedomsgrenser, og dei eigedomane som er innmålt med eigedomsgrenser er det oftast reguleringsplan eller fortetting som er grunngevinga for at det er eigedomsgrenser i sjø.

5.3 Korleis handsamar kommunane Kinn og Bremanger eigedomsgrenser i sjø?

Korleis kommunane handsamar eigedomsgrenser i sjø, er det store spørsmålet i denne oppgåva. Kommunane som har vore representert gjennom landmålarar som fører matrikkelen, har kome med sine tankar om korleis dei gjer det. Alle dei tre landmålarane har ulike fokusområdet, og har noko ulikt syn på korleis dei gjer det.

Alle respondentane er tydelege på at det er eit område som ikkje har det store fokuset hjå dei, og er ikkje eit arbeid dei legg mykje i. Som det kom frå nokre respondentar, er temaet eigedomsgrenser i sjø eit område ein prøver å styre unna. Det er komplisert og tung materie. Fleire trekkjer også inn at det er utfordrande å tolke og forstå dei juridiske føringane kring eigedomsgrenser i sjø.

Matrikkellova gjer det tydeleg at alle grenser skal målast og merkast, og at dette også gjeld sjøgrenser. Kartverket trekkjer også fram skilnaden på eigedomsgrenser og hjelpeliner. I lys av dette, ser ein at det er noko ulik tanke kring eigedomsgrenser i sjø.

Landmålarane er på eine sida ute i felt og tenkjer truleg praktisk og gjer det som har vore vanleg tidlegare. Dei fylgjer rutinar som dei seier ikkje inneheld noko om eigedomsgrenser i sjø. Fokuset på dette vert ikkje trekt inn i ei sak, utan at grunneigarar er opptekne av det, og trekkjer det inn sjølv.

Kartverket og matrikkellova er oppteken av kvalitet og legg til grunn at kommunane rettleiar partar og grunneigarar til å ha grensa gjeldande ut i sjø. Matrikkellova er oppteken av at matrikkelen skal vere av god kvalitet, og at det er eit register som skal vere rett og einsarta.

Kommunane Kinn og Bremanger handsamar lite grenser i sjø. Det er ein skilnad på korleis lovgjevar legg opp til korleis grenser i sjø skal handsamast og korleis kommunane Kinn og Bremanger handsamar dei. Det er også i liten grad kommunane handsamar eigedomsgrenser i sjø.

5.4 Utfordringar knytt til dagens situasjon?

Det kom fram under empirien at landmålarane har noko ulikt syn på temaet «eigedomsgrenser i sjø». To av respondentane gav uttrykk for at dette var eit vanskeleg og tungt område, som dei gjerne unngår om det er mogleg. Dei unngår å gå inn på området, om det let seg gjere. Samstundes som det er utfordrande og noko dei ikkje ynskjer å komplisere andre saker med. Om dei må handsame slike saker, gjer dei det. Dei er tydelege på at det ikkje er optimalt og at kvar sak vert på ein måte gjennomført tilfeldig og ikkje etter noko rutine.

Ein av respondentane ytrar at dette er eit kjekt tema, og at respondenten likar at det er variasjon og at det går an å gjere ulike ting i ulike saker. Respondenten trekk også inn at det er ulike prinsipp som gjer at sakene vert kjekkare og meir interessante.

Ein av dei respondentane som vart intervjuja trakk også fram temaet om det offentlege sin tilgang til sjøen. Han trakk fram at det var lettare for folk å nytte sjøen om det ikkje kom tydeleg fram kven som åtte, og at det var meir utfordrande å privatisere eit område mot og ut i sjø om det var manglar i matrikkelen.

Ettersom at matrikkellova ikkje skil mellom grenser i sjø og på land, er det utfordrande om kommunane berre handsamar grenser på land og unngår sjøgrenser.

Utfordringa er også kva ein legg i eigedomsgrenser, då landmålarane tenkjer hjelpeliner er godt nok, men lova er tydeleg på at det må vere eigedomsgrenser. Det er ein skilnad på korleis dei ulike partane ser på hjelpeliner. Då det er landmålarane som er ute og held oppmålingsforretningar og rettleiar grunneigarar, gjer dette oss ei stor utfordring. Forvaltninga, altså landmålarar opplyser om noko som lovgjevar er tydeleg på ikkje er korrekt. Korleis er det då ein skal sjå på hjelpeline i framtida, og korleis skal ein nytte den informasjonen som ligg i matrikkelen er utfordringar som vi bør vere klar over for at kvaliteten i matrikkelen skal vere god.

Gjennom den nye ordninga der landmålarar skal verte autoriserte for å kunne styre oppmålingsforretningar, vil dette truleg verte styrka og ein vil få meir fokus og same tankegang vil truleg gjere seg gjeldande.

Utfordringa slik eg ser det i dag er størst med at ein ikkje skil mellom hjelpeliner og eigedomsgrenser, og at dette vert ei etablert forståing innan fagfeltet og blant innbyggjarar, utan at dette vert rett i høve lovverket.

5.5 Framtida

Framtida på korleis ein ser området «eigedomsgrenser i sjø», er noko som er utfordrande å svare på. Det kom fram av respondentane at det er eit område som er i utvikling, og vert

viktigare og viktigare. Kunnskapen kring det å føre og handtere eigedomsgrenser i sjø vil i følgje nokre av respondentane vere viktig for utviklinga for kysten og då spesielt industrien på kysten. Ein av respondentane trekkjer også fram det at eigedomsgrenser i sjø kan føre til meir privatisering og gjere sjøareala og strandsona mindre offentlege og meir private.

Framtida er med matrikkelen, og det kjem fram av det er stort fokus på å auke kvaliteten på matrikkelen og få den meir truverde i informasjonen som ligg der. I dette arbeidet vert det styrt på eit vis kva som er viktig for framtida, og enkeltområder vert trekt meir fram enn andre. Gjennom kjennskap til korleis matrikkelen er i bruk, og kva den potensielt kan verte ilagd av kvalitet i framtida er det viktig at ein får eit samla oversyn over heile matrikkelen. I dette må også eigedomsgrenser i sjø kome inn som eit tema, og ein bør få meir samla tankegang kring feltet eigedomsgrenser i sjø.

Respondentane var tydelege på at dei opplevde det som ikkje optimalt slik det var i dag, men brorparten trakk fram at det ikkje var ressursar til å take med meir i oppmålingssaker enn kva det var i dag. For å få lønsemd i eit arbeid der eigedomsgrenser i sjø vert med, må dette også inn i gebyrregulativet, og verte ein del av inntekta til oppmålingssaker.

Respondentane meiner også at det er viktig å gjere noko med eigedomsgrenser i sjø generelt i heile landet, og at det ikkje vert berre i nokre områder. Denne informasjonen trekte ein av respondentane fram at burde kome frå Kartverket, og at dette var noko som Kartverket burde gjere. Den eine respondenten trakk fram at det allereie er i kommunen sitt skjønn å handsame eigedomsgrenser i sjø, og at ein gjennom meir fokus og tydelege gevinstar vil ein kunne bruke resursar på grenser i sjø.

5.6 Samanfattande drøfting

Eigedomsgrensene i sjø i kommunane Kinn og Bremanger er eit område som ikkje er noko lett oppgåve å belyse. Det er ulike måtar eigedomsgrensene er i matrikkelen, og det er ulikt korleis ein har arbeida gjennom tidene for å klarlegge og måle eigedomsgrenser.

Gjennom dei ulike delproblemstillingane er det kome fram nokre moment som igjen skal belyse matrikkelføring av eigedomsgrenser i sjø i kommunane Kinn og Bremanger.

Vi har sett korleis dagens situasjon i Kinn og Bremanger er, og fått eit inntrykk av korleis stoda er i matrikkelen. Det er mykje hjelpeliner som gjer seg gjeldande, og om det er eigedomsgrenser, er det gjerne reguleringsplanar eller fortetting som gjer at det er eigedomsgrenser. Det kom også fram at landmålarane ikkje skil tydeleg mellom eigedomsgrenser og hjelpeliner, noko lovgjevar og Kartverket gjer.

Korleis kommunane handsamar eigedomsgrenser i sjø er noko vi ser igjen i matrikkelen. Det er manglar av eigedomstilhøve i sjøareala i kommunen, og landmålarane var tydelege på at eigedomsgrenser i sjø var noko dei ikkje tok med mindre partane sjølv trakk det med i saka. Dette meiner Kartverket ikkje fylgjer forvaltingslova, om at kommunar skal rettleie om vassdragslova, og at partane har rett til å take med eigedomsgrenser i sjø.

Det er stor samanheng mellom korleis matrikkelen er i dag, og med korleis landmålarane arbeider og fører inn slike opplysningar. Om ikkje landmålarane legg inn eigedomsgrenser, vert det ikkje eigedomsgrenser i matrikkelen. Det kjene ordtaket som ofte vert brukt innan faget er skit inn, skit ut. Dette vil også seie at om ein ikkje tek inn noko, vert det ikkje noko.

Respondentane gjer det gjelande at det ikkje er noko enkel sak, og at det er eit stort og utfordrande fagområde. Det å ha nok resursar og ha system som gjer at det er lettare å take med eigedomsgrenser i sjø. Det å ha kjennskap til korleis ein skal gjere det, og ha gode rutinar er noko som bør vere om det skal vere meir fokus på eigedomsgrenser i sjø, noko som det kjem fram at respondentane meiner bør prioriterast.

Det kjem fram av respondentane som er landmålarar i kommunane at det ikkje er eit skilje mellom hjelpeliner og eigedomsgrenser og at dette vert opplevd og brukt som det same. Kommunen sin praksis og tilnærming er ikkje lik det som kjem fram av lova, og at ein har ulike tankar om korleis ein skal føre eigedomsgrenser i sjø.

Ein konklusjon der ein belyser eigedomsgrensene i sjø i kommunane Kinn og Bremanger er ikkje mogleg å setje to strekar under, men ein ser at det er ulik tanke frå lovgjevar og det som lokal matrikkelmynde opplever som faktum. Gjennom kjennskap til kommunal praksis

og meir fokus på feltet «eigedomsgrenser i sjø» i framtida bør ein kunne klare å få til ein meir samstemt matrikkel og legalitet i gjennomføringa av handsaming av eigedomsgrenser i sjø.

6. Slutning

6.1 Innhald og kapitteloversikt

Det siste kapittelet i dette arbeidet er ein avrunding på denne oppgåva, og skal gjere deg som lesar eit innblikk i kva vi har ovre gjennom, og kva eg ser som viktig å formidle. Det vil vidare verte refleksjonar kring val av metode, og nokre attendemeldingar på gjennomføringa av dette arbeidet.

Eit underkapittel som omhandlar eigne refleksjonar, vil omhandle mine meiningar og tankar om problemstillinga og kva eg trekk ut frå teori og empiri som er kome fram.

Ein avsluttar også dette kapittelet med nokre områder som kan vere relevant å sjå vidare på og som eg ynskjer at du som lesar skal take med deg vidare.

6.2 Refleksjonar knyt til metode og framgangsmåte

Val av metode er noko som gjer eit slikt arbeid komplett, og mykje av arbeidet vidare er satt når ein har valt måte å hente inn empiri på. I denne oppgåva var det eit viktig moment å få kjennskap til korleis matrikkelførarane gjennomfører arbeidet sitt, og kva dei opplever det. Valet vart kvalitativ metode, der ein skulle få setje seg inn i kvart individ og skape eit fora der ein kunne gå i djupna på situasjonen. For meg sjølv og oppgåva meiner eg at metodevalet er rett, men situasjonen kring var litt meir utfordrande. Koronapandemien var pågåande under oppgåva, og arbeidde mot dei prinsippa som eg hadde lagt til grunn. Eg meiner det er veldig viktig å ha personlege møte, der kroppsspråk og ein stemning er viktig. Denne fekk ein til, men ein kunne ikkje ha så mange intervju då ein avgrensa problemstillinga for å unngå å måtte gjere intervju over større delar.

Ei utfordring som også kom fram, var at Kinn og Bremanger var kommunar som hadde få tilsette og stort arbeidspress. Det var av den grunn utfordrande å få tid og klare å selje

denne inn som noko som måtte prioriterast. Bremanger kommunen var utan landmålar som matrikkelførte eigedomsgrensar og var av den grunn ute av biletet. Kinn sine tre landmålarar fekk ein snakke med alle, men ein måtte take det når det var overskot og landmålarane var tilgjengelege.

Om pandemien ikkje hadde vore avgrensande, hadde eg hatt større utval og gjerne teke større kommunar og med større geografisk skilnad. Dette ville då ha utvida problemstillinga og kanskje gjeve større aktualitet for sluttproduktet.

Noko som eg har vorte noko usikker på er om det var uheldig eller ikkje at eg var og er kollega med landmålarane som vart intervjuet. Eg har sjølv landa på at dette er positivt, då eg meiner at det er tryggare rammer og at ein får ei meir ektefølt og legal framstilling av korleis dei ser på det.

Masterarbeidet starta på nyåret 2021, og varte ut 2021. Samstundes som mastearbeidet byrja eg i Kinn kommune i 100% stilling som matrikkelføra og landmålar. Å arbeide med ein master er ikkje noko ein skal gjere på sida, og i ein kommune som har noko etterslep, er det mykje å gjere. Det å prioritere eit arbeid samstundes som ein arbeider i eit fagmiljø som stadig er i endring er ikkje noko som eg vil rå ein ny masterstudent å gjere. Hadde eg sett tilbake og gjeve råd, ville eg nok ha jobba noko mindre og prioritert masterarbeidet meir kontinuerleg enn kva det har vorte her. Det må også kome fram at utan arbeidet i Kinn hadde eg ikkje fått høve til å få den lærdomen som arbeidet i kombinasjon med oppgåva har gjeve meg. Kombinasjonen er noko som gjer min lærdom unik og skapar innblikk i eit fagområde som eg meiner er viktig.

Hadde ein hatt større bolkar der ein kunne prioritert oppgåva, ville ein fått eit meir heilskapleg resultat der oppgåva flyt meir enn den gjer i dag. Oppgåva har vekse på meg, og vorte betre med tida og lærdomen eg har tileigna meg. Dette arbeidet har gjeve meg innsikt i områder eg før ikkje har visst eksisterte og opna opp tankar om kommunane og akademien som eg tek med meg vidare.

Sjølve sluttproduktet har nokre moment som eg ynskjer å trekkje fram. I min natur er språk ein måte å uttrykkje seg på, samstundes som eg er oppteken av kven som er mottakar. Det nynorsk språket er ofte munnleg og ikkje lett å skrive seg ut av område som er utfordrande. Det er nokre fagomgrep som ikkje er gode eller ikkje eksisterande på nynorsk. Ein har ikkje laga noko ståhei kring dei, så bed om at ein ikkje heng seg opp i at ikkje velkjende fagomgrep er oversett til nynorsk. Eg som forfattar er oppteken av at mitt arbeid skal kunne vere tilgjengeleg for landmålarar og andre som jobbar i kommunane. Det å formulere seg på ein måte som opnar for forståing utanfor akademia er berande for min måte å kommunisere på. Å skrive enklare ekskluderer ingen, men inkluderer fleire.

6.3 Faglege refleksjonar

Eg meiner at sjøareala som er kring oss er viktige. Utviklinga går mot meir utvikling av kysten, og eigedomsretten vert stadig vitigare. Konstruksjonar vert meir solide og teknologien gjer område i sjø tilgjengelege, som før var heilt verdilause. Bruken av sjø har før vore viktig, men i tida etter krigen har resursane som ligg i sjø vorte mindre og mindre nytta.

Eg trur vi er på veg attende til å nytte dei resursane som ligg kring oss i sjø. Tang og tare, sand og skjel. Fisk og sjømat er alle område med aukande bruk og det ligg, slik eg ser det, meir pengar i slike resursar. I tråd med utviklinga, er det samstundes viktig å sjå kven som eig desse resursane.

Å sjå korleis eigedomar eig i sjø, er viktig for å gjere utviklinga mogleg. Det å take moglege konflikhtar før dei vert etablerte, kan spare rettssystemet og fellesskapet for mykje unødig plage. For å ha fokus på sjøen og få redusert framtidige utfordringar er det viktig at matrikkelen er oppdatert og av ein kvalitet som går an å nytte i framtida.

Eg meiner at matrikkelen i dag er av dårleg kvalitet når det kjem til eigedomsgrenser i sjø, og at det er lite fokus på det. Det verkar for meg som om ingen tek dette temaet imot og gjer noko med det. Det kokar vekk i alt anna som kommunen og lovgjevar held på med. Lovgjevar på si side legg til rette for at det skal vere i orden, utan å sjå på heile strukturen som er bygd opp kring temaet eigedomsgrenser i sjø.

Kartverket tek vidare ikkje dette arbeidet med å få eigedomsgrenser i sjø på plass, og bidreg etter mitt syn berre med teknisk hjelp om føring og dei tekniske utfordringane. Det vert opp til kommunane å løyse utfordringa. Det er store kommunar, små kommunar og kommunar som ikkje har resursar til å gjennomføre vanlege oppmålingsforretningar utan at sjøgrenser er eit tema. Dette meiner eg gjer at matrikkelen vert av dårleg kvalitet og at det ikkje vert det einsarta registeret av god kvalitet som eg opplever er ynsket.

Eg meiner at fokuset på matrikkelføring av eigedomsgrenser i sjø må og bør styrkjast for å få ein matrikkel som er klar for ei framtid der ressursane i sjø er viktigare enn kva dei er i dag. Løysinga slik eg ser det er eit større fokus på dette frå lovgjevar si side og at det er eit satsingsområde i alle kommunar som grensar til sjø. Vidare må dette vere noko ein tek over tid, og det må etablerast rutinar i kommunar der ein har fokus på å få inn grenser i sjø. Det må også vere økonomi for kommunar til å ha fokus på dette. Om dette kjem som stønad til kommunane eller det er grunneigarane sjølve er noko som ein må sjå større på.

Til sist vil eg trekkje fram at eigedomsgrenser i sjø er ein del av matrikkelen som eg meiner bør prioriterast av lovgjevar og kommunar i framtida. Slik eg ser det er det ikkje noko løysing som kan gjere endringar over ei kort tid, men ei tilnærming som eg meiner vil vere god er å få rutinar som vert etablert ved hjelp av Kartverket som gjer at det i framtida vert meir fokus på eigedomsgrenser i sjø. Gjennom å byrje no, vil ein stadig auke kvaliteten av eigedomsgrenser i sjø og i framtida få eit betre offentleg register; matrikkelen.

6.4 Nokre tema for vidare forskning

Eigedomsgrenser i sjø er eit tema som kan nåast på fleire områder, og skal meir enn ei masteroppgåve å sjå på. Området er utøymmeleg, og vil vere ope for fleire spanande og interessante inngangar. Nokre av dei har vorte tydelege når eg har arbeidd med mi tilnærming og av den grunn legg ein inn nokre moglege inngangar for vidare forskning.

Eit område som eg meiner kunne vore interessant, er å sjå kva grunneigarar tenkjer. Korleis opplever dei sine egne eigedomsgrenser i sjø og kva legg dei i dei. Er det ein hemske at det ikkje er oppmålt og lagt inn i matrikkelen? Har grunneigarar med grenser i sjø noko å trekkje

fram om situasjonen? Er det skilnad på kva grunneigarar med hjelpeliner og eigedomsgrenser tenkjer, og kva opplever dei som ein eventuell skilnad?

Eit anna tema som også kan vere noko å sjå på er korleis jordskifterettane handsamar eigedomsgrenser i sjø? Er dette fordi kommunane ikkje tek si forvaltningsrolle? Er det skilnad på dom og rettsmekling i slike saker der eigedomsgrenser i sjø vert handsama, og er det ulike prinsipp i ulike domstolar? Og er det slik at jordskifterettane trekkjer inn eigedomsgrenser i sjø til eigedomar som grensar til sjø?

Korleis den juridiske føringa kring eigedomsgrenser i sjø er meint frå lovgjevar vil vere eit tema som truleg vil vere noko for ei masteroppgåve å sjå nærare på.

Ettersom at ein gjennom mi oppgåve har fått eit innsyn i at det manglar eigedomsgrenser i sjø, vil dette vere noko å sjå breiare på. Korleis er det i andre kommunar og kva tenkjer bynære kommunar om dette? Ei kvantitativ tilnærming vil vere noko som kan belyse andre aspekt enn det denne oppgåva har teke med seg.

Konsekvensen for manglande informasjon om eigedomsgrenser i sjø er også eit tema som truleg vil vere av stor interesse å sjå på. Dette kan også blandast med planlegging og sjå på kommuneplanar osv. om det er noko utfordring knytt til korleis kommunane og private ser på manglande informasjon om eigedomstilhøva i sjø er, knytt til uttynning og planlegging av eigedomar.

Området eigedomsgrenser er eit område som har mykje potensiale og fleire moment som eg meiner bør gjerast greie for. Her er noko for ein kvar smak, og det er berre fantasien som grenser for korleis ei eventuell problemstilling kan vere.

Vedlegg

Vedlegg 1 Svar frå NSD

Vedlegg 2 Intervjuguide

Vedlegg 3 Informasjonsskriv til deltakarar

Bibliografi

Arntzen, S. K. (2021, juli 28). *jusstorget.no* . Henta frå Veiledningsplikten i forvaltningen :

<https://www.jusstorget.no/veiledningsplikten-i-forvaltningen/>

Grønmo, S. (2021, juli 28). *snl*. Henta frå Kvantitativ metode:

https://snl.no/kvantitativ_metode

Grønmo, S. (2021, juli 28). *snl*. Henta frå Kvalitativ metode: https://snl.no/kvalitativ_metode

Grønmo, S. (2016). *Samfunnsvitenskapelig metoder (2. utg.)* . Bergen: Fagbokforlaget.

Haugland, A. (2014). *Grenser i sjø og vassdrag* . Digitalt: Gran kommune/Kartverket.

Haugland, A. (2018, September). *Geoforum*. Henta frå Grenser i sjø og vassdragene:

<https://geoforum.no/wp-content/uploads/2018/12/Grenser-i-sjø-og-vassdrag.pdf>

Kartverket. (2021, mai 07). *Kartverket* . Henta frå Matrikkelen - Norges eiendomsregister:

<https://www.kartverket.no/eiendom/eiendomsgrenser/matrikkelen-norgeseiendomsregister>

Kartverket. (2021, 09 20). *Kartverket.no*. Henta frå Masterplan matrikkel:

<https://www.kartverket.no/eiendom/lokal-matrikkelmyndighet/datakvalitet/masterplan-matrikkel>

Kartverket v/ Carl-Fredrik Hilland. (2016). *docplayer.me*. Henta frå Eiendomsgrenser i sjø og

vassdrag: <https://docplayer.me/27016554-Eiendomsgrenser-i-sjo-og-vassdrag-carl-fredrik-hilland-kartverket-2016.html>

Malt, U., & Tranøy, K. (2021, februar 10). *snl.no*. Henta frå empiri: <https://snl.no/empiri>

Neergård, E. (2007). *Eiendomsgrenser i sjø* . Ås: UMB.

Sivilboklovutvalet. (1988). *Eigedomsgrenser og administrative inndelingsgrenser*. Oslo:

Forvaltningstjenestene Statens trykningskontor.

SNL reliabilitet. (2020, april 3). *snl.no*. Henta frå Reliailitet: <https://snl.no/reliabilitet>

SNL validitet. (2021, mars 21). *Snl.no*. Henta frå Validitet: <https://snl.no/validitet>

Statens sentralbyrå. (2021, 09 30). *ssb.no*. Henta frå Kinn (Vestland):

<https://www.ssb.no/kommunefakta/kinn>

Statens sentralbyrå. (2021, 09 30). *ssb.no*. Henta frå Bremanger (Vestland):

<https://statbank.ssb.no/kommunefakta/bremanger>

Tranøy, K. E. (2021, juli 28). *snl*. Henta frå Metode: <https://snl.no/metode>

NSD NORSK SENTER FOR FORSKNINGSDATA

Vurdering

Referansenummer

976587

Prosjekttittel

Masteroppgåve "Korleis handsamar kommunar eigedomsgrenser i sjø?"

Behandlingsansvarlig institusjon

Norges miljø- og biovitenskapelige universitet – NMBU / Fakultet for landskap og samfunn / Institutt for eiendom og juss

Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)

Einar A. Hegstad, enar.hegstad@nmbu.no, tlf: 48075334

Type prosjekt

Studentprosjekt, masterstudium

Kontaktinformasjon, student

Rune Rasmus Holsen Nygård, rune.rasmus.holsen.nygard@nmbu.no, tlf: 40160739

Prosjektperiode

04.01.2021 - 15.12.2021

Vurdering (2)

20.10.2021 - Vurdert

NSD har vurdert endringen registrert 20.10.2021.

Vi har nå registrert 15.12.2021 som ny sluttdato for forskningsperioden.

NSD vil følge opp ved ny planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til videre med prosjektet!

Tlf. Personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)

22.01.2021 - Vurdert

Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet den 22.01.2021 med vedlegg, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD. Behandlingen kan starte.

MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde: <https://www.nsd.no/personverntjenester/fylle-ut-meldeskjema-for-personopplysninger/melde-endringer-i-meldeskjema>

Du må vente på svar fra NSD før endringen gjennomføres.

TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 15.05.2021.

LOVLIG GRUNNLAG

Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake. Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

PERSONVERNPRINSIPPER

NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:

- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke viderebehandles til nye uforenlige formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: åpenhet (art. 12), informasjon (art. 13), innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), underretning (art. 19), dataportabilitet (art. 20).

NSD vurderer at informasjonen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.

Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

Nettskjema er databehandler i prosjektet. NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene til bruk av databehandler, jf. art 28 og 29.

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og eventuelt rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

OPPFØLGING AV PROSJEKTET

NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!

Kontaktperson hos NSD: Tore Andre Kjetland Fjeldsbø

Tlf. Personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)

Spørsmål til matrikkelførarane:

Eg ser på området føring av eigedomsgrenser i sjø, og korleis matrikkelførarar ser på dette.

- *Har du nokre tankar om temaet «føring av eigedomsgrenser i sjø»?*
- *Har du saker der eigedomsgrenser i sjø er eit tema? Er du ofte innom det?*
- *Kvifor trur du det er slik?*
- *Er det mykje informasjon å finne om dette temaet?*
- *Er det noko du meiner bør vere meir fokus på vidare?*
- *Vassdragslova § 5 opnar for at alle kan krevje eigedomen sin fastlagt, korleis tenker du kommunen si rolle i dette? FVI si veiledningsplikt.*
- *Korleis føler du utviklinga vil skje framover?*
- *Føler du deg trygg på det faglege kring føring av eigedomsgrenser i sjø?*

Vil du delta i forskingsprosjektet:

«Korleis kommunar handtera eigedomsgrenser i sjø?»

Eg ynskjer å spør deg om du kunne tenkje deg å vere med i forskingsprosjektet der formålet er å sjå på korleis kommunar handtera eigedomsgrenser i sjø. Vidare i dette skrivet vil det vere informasjon som syner kva mål eg har for prosjektet, samt kva det vil innebere for deg å vere med.

Formål

Føremålet med prosjektet er å sjå på korleis kommunar handtera eigedomsgrenser i sjø, då gjennom ein oppmåling og gjennom jordskifte som kjem til føring. Ein vil få eit innblikk i korleis kommunar ser på slike grenser, og ynskjer å belyse korleis dei vert handsama. Dette er i samband med mi masteroppgåve etter studiet: master i eigedom ved NMBU.

Kven er ansvarleg for prosjektet?

- Institutt for eigedom og juss ved NMBU er ansvarleg for prosjektet.

Kvifor får akkurat du spørsmål om å delta?

Eg bur og jobbar i Florø, og ynskjer å nytte kommunar i nærleiken som har kommunegrensene sine i sjø. Du jobbar eller har noko med matrikkelen å gjere, og har då truleg noko med eigedomsgrenser i sjø å gjere.

Eg har kome i kontakt med deg gjennom å kontakte kommunen og er di stilling eg kontaktar, ikkje deg som privatperson.

Kva vil det seie å delta?

Eg ynskjer å sjå korleis ein fører saker som det kan eller er aktuelt å føre grensa i sjø. Ein ynskjer også å få innblikk i korleis ein som matrikkelførar ser på denne problematikken, og få eit innblikk i korleis praksisen er på dette området i kommuniane. Målet er å få til eit intervju kombinert observasjon der ein kanskje fører/syner ei sak ein har ført, og går gjennom denne. Det er ukjent kor lenge eit slikt intervju vil vare, men truleg vil ein komme langt med 45 minuttar. Vidare så er det utfordrande med fysiske møter, så om det vert digitalt eller fysisk må ein sjå på i kvar sak.

Slik ein ser føre seg å gjennomføre denne kombinerte observasjonen og intervjuet, vil det vere slik at ein berre handsamar den offentlege informasjonen som ligg i matrikkelen. Vidare er det slik at det ikkje vil verte lagra personopplysingar om deg, anna enn kva kommune du jobbar i og ditt namn då dette er naudsynt for å kunne oppnå kontakt og ha dialog. Det vert ikkje notert nokre personopplysingar om deg, anna enn namn. Dette gjeld før, under og etter.

Om du vert med på prosjektet, vil ditt namn vere kjent for meg, men ikkje framkjem i teksten. Ein vil anonymisere alt frå person, og vil ha ein skjematisk tilnærming over informasjonen som kjem inn.

Det vert ikkje skrive ned/notert nokre personopplysingar om deg under intervjuet/observasjonen. ei heller at det vert handsama informasjon som er fanga av teieplikta.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Om du vel å delta, kan du kortid som helst, trekkje samtykket attende utan noko grunngeving. Alle opplysingar om deg vil verte sletta om du trekkjer samtykket ditt. Dette vil ikkje i det heile ha noko negativ innverknad på deg om det vert aktuelt

Ditt personvern – Korleis vert dine opplysningar lagra?

Eg vil berre nytte opplysningane om deg som kjem fram i dette skrivet. Eg handsamar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

Det er berre eg som har dine opplysningar tilgjengeleg, på min private datamaskin som er passordbeskytta.

Navn vil ikkje gå fram i prosjektet som vert tilgjengeleg for allmennheten, men kva kommune du arbeider i vil komme fram.

Kva skjer med opplysningane dine når eg avsluttar forskingsprosjektet?

Opplysningane vil verte anonymisert når prosjekter avsluttast og er godkjend som er rekna ferdigstilt og godkjent juni 2021

Dine rettar

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysningane,
- å få retta personopplysningane om deg,
- å få sletta personopplysningane om deg, og
- å sende klage til Datatilsynet om handsaming av dine personopplysningar.

Kva gjer oss rett til å handsame personopplysningar om deg?

Vi handsamar opplysingar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå masterstudent Rune Holsen Nygård, ved NMBU har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlingen av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Kor kan eg finne ut meir?

Om du har spørsmål til studiet, eller ynskjer å nytte deg av dine rettar, ta kontakt med:

- Rune Holsen Nygård, som er masterstudent ved institutt for eiendom og juss ved NMBU. Telefon: 40160739 og e-post: rune.rasmus.holsen.nygard@nmbu.no
- Einar A. Hegstad, veileidar for prosjektet, telefon: 480 75 334 og e-post: einari.hegstad@nmbu.no
-

Vårt personvernombud: Hanne Pernille Gulbrandsen Mobil: 402 81 558 E-post: personvernombud@nmbu.no

Hvis du har spørsmål knyttet til NSD sin vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS på epost (personvertjenester@nsd.no) eller på telefon: 55 58 21 17.

Med venleg helsing

Einar A. Hegstad
forskar/veileidar

Rune Holsen Nygård
student

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet «*Korleis handera kommunen eigedomsgrener i sjø*» og har fått anledning til å stille spørsmål. Egg samtykker til:

- å delta i intervju kombinert med å verte observert i dette prosjektet

Eg samtykjer til at mine opplysningar handsamast fram til prosjektet er avslutta

(Signert av prosjektdeltaker, dato)



Norges miljø- og biovitenskapelige universitet
Noregs miljø- og biovitenskapelige universitet
Norwegian University of Life Sciences

Postboks 5003
NO-1432 Ås
Norway